



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

2017

Plan- og byggeprogram

Fylkesvegane i Hordaland (utanom Bergen)

Vedteke av fylkestinget 14. desember 2016

Innhald

| | |
|--|-----------|
| Innhald | 1 |
| Innleiing | 2 |
| Planprogram 2017..... | 4 |
| 1.1 Om grunnlag og prioriteringar for planprogrammet..... | 4 |
| 1.1.1 Regional transportplan Hordaland 2013-2024 | 4 |
| 1.1.2 Standardheving på eksisterande fylkesvegnett | 4 |
| 1.1.3 Val av standard på fylkesvegnettet..... | 6 |
| 1.1.4 Kollektivtrafikk og arbeidet med å utvikle knutepunkt..... | 6 |
| 1.1.5 Prioritering av trafikksikringstiltak | 6 |
| 1.1.6 Rassikring og planreserve | 7 |
| 1.1.7 Pågåande bompengepakkar og pakkar under planlegging..... | 8 |
| 1.2 Prosjekt under planlegging | 8 |
| Byggeprogram 2017..... | 13 |
| 2.1 Strekningsvise prosjekt..... | 13 |
| 2.2. Rassikring..... | 17 |
| 2.3. Mindre utbetringar | 19 |
| 2.4. Programområde..... | 22 |
| 2.4.1. Kollektivtiltak | 22 |
| 2.4.2 Trafikksikring..... | 26 |
| 2.4.3 Gang- og sykkeltiltak | 30 |
| 2.4.4 Miljøtiltak..... | 32 |
| 2.5 Grunnerverv..... | 34 |
| 2.5 Standardhevingstiltak | 34 |
| 2.5.1 Bruer og kaiar | 36 |
| 2.5.2 Tunellar | 36 |
| 2.5.3 Vegutbetring | 36 |
| 2.6 Refusjonar - vegforskottering..... | 39 |
| 2.7 Rebudsjettering | 39 |

Innleiing

Hordaland fylkeskommune sin Regional transportplan Hordaland (RTP) er gjeld for perioden 2013-2024, og har tilhøyrande handlingsprogram for 2015-2017. Handlingsprogrammet vart vedteke i fylkestinget 11. desember 2014, og legg rammene for planlegging og investeringar på fylkesvegnettet i Hordaland. Det er såleis Hordaland fylkeskommune sin gjennomføringsplan for perioden.

Gjennom sams vegadministrasjon er Statens vegvesen (SVV) underlagt fylkeskommunen i saker som gjeld fylkesvegnettet, og med det har også SVV det utøvande ansvaret for investeringar, drift og vedlikehald på fylkesvegane. I praksis inneber dette at fylkestinget gjer politiske vedtak om prioriteringar på fylkesvegnettet gjennom RTP, handlingsprogram og årlege plan- og byggeprogram. Vidare har SVV ansvaret for å planlegge og gjennomføre desse tiltaka og prosjekta. Statens vegvesen skal i tillegg yte fylkeskommunen vegfagleg bistand i planlegging, sakshandsaming og utgreiingar.

Ordninga med sams vegadministrasjon inneber at førespurnader som gjeld nye prosjekt og strategiske prioriteringar på fylkesvegnettet skal rettast til Hordaland fylkeskommune i RTP-prosessen og i dialogmøte som fylkeskommunen har med kommunane.

Førespurnader om planlegging av vedteke vegprosjekt, gjennomføring av tiltaka, samt faste drift- og vedlikehaldsoppgåver skal som hovudregel rettast til Statens vegvesen.

Nærare om Plan- og byggeprogrammet for Hordaland utanom Bergen 2017

Gjennom dei årlege plan- og byggeprogramma vert dei endelege løyvingane til investering på fylkesvegnettet vedteke. Fylkestinget handsamar plan- og byggeprogram for 2017 i desember 2016. Plan- og byggeprogram for Hordaland utanom Bergen 2017 har ei totalramme på 978,3 mill. kr som inkluderer bompengar, andre eksterne midlar og refusjonar.

Det fylkeskommunale bidraget (HFK-midlar) er på 721,3 mill. kr. I forslag til budsjettvedtak for 2017 har ein har lagt til grunn denne fordelinga mellom dei ulike investeringsområda:

Tabell 1. Fordeling i investeringsbudsjettet

| Fordeling i investeringsbudsjettet | |
|---|----------------------|
| Planlegging | 16,0 mill. kr |
| Strekningvise prosjekt | 549,5 mill. kr |
| Rassikring | 67,3 mill. kr |
| Mindre utbetringar | 21,5 mill. kr |
| Programområde | 61,0 mill. kr |
| Grunnerverv | 3,0 mill. kr |
| Standardheving | 160,0 mill. kr |
| Refusjonar | 90,0 mill. kr |
| Rebudsjettering | 10,0 mill. kr |
| Totalt | 978,3 mill kr |

Plan- og byggeprogrammet viser kva som skal planleggast og byggast i 2017. Midlane vert fordelt innanfor strekningsvise prosjekt, rassikring, programområde inkludert planlegging og standardhevingstiltak. Hovudoversikt over midlar til dispensasjon i 2017 er vist i tabellen under.

Tabell 2. Hovudoversikt for midlar til disposisjon i 2017

| Alle tal i 1000 kr | Løyving | Bompengar | Andre eks- terne midlar | Budsjett 2017 |
|--------------------------------------|----------------|----------------|----------------------------|----------------|
| Strekningvisse prosjekt | 305 000 | 244 500 | | 549 500 |
| Rassikring | 56 300 | | 11 000 | 67 300 |
| Mindre utbetringar | 20 000 | | 1 500 | 21 500 |
| SUM Prosjekt med eige løyving | 381 300 | 244 500 | 12 500 | 638 300 |
| Kollektivtiltak | 19 400 | | | 19 400 |
| Trafikksikringstiltak | 20 400 | | | 20 400 |
| Gang- og sykkeltiltak | 13 000 | | | 13 000 |
| Miljøtiltak | 8 200 | | | 8 200 |
| Planlegging | 16 000 | | | 16 000 |
| Grunnerverv | 3 000 | | | 3 000 |
| SUM Programområde | 80 000 | | | 80 000 |
| Standardhevingstiltak | 160 000 | | | 160 000 |
| Refusjonar | 90 000 | | | 90 000 |
| Rebudsjettering | 10 000 | | | 10 000 |
| SUM Fylkesvegar utanom Bergen | 721 300 | 244 500 | 12 500 | 978 300 |

Alle tal i 1000 kr

I 2016 vart det sett av eigne midlar til prosjektering, der sjølve løyvinga til tiltaket skulle komme 2017. Dette innebar at ein kunne sikre seg ein større fleksibilitet både i planlegging, prosjektering og gjennomføring av dei ulike tiltaka i programområda.

Rekneskapet for 2016 vert avslutta ved årsskiftet. Erfaring viser at for ein del prosjekt kjem sluttrekninga det påfølgjande året. Difor løyver fylkeskommunen 10 mill. kr til rebudsjetteringar i 2017 for at vedtekne prosjekt i 2016 skal kunne fullførast utan tilleggsloøyving på budsjettet. I tillegg har fylkesrådmannen fullmakt til å om-disponere mellom vedtekne prosjekt innanfor programområda. Fullmaktene knytt til dette er vedtekne i fylkestinget, sak 48/13.

Planprogram 2017

1.1 Om grunnlag og prioriteringar for planprogrammet

I planprogrammet går det fram kva for prosjekt som skal planleggast det kommande året. Desse prosjekta er valde ut med bakgrunn i dei rammene som ligg i overordna styringsdokument og handlingsplanar. I Hordaland er Regional transportplan (RTP) med handlingsplan det styrande dokumentet. RTP er ein samla langsiktig regional strategiplan for transportsektoren i Hordaland. I tillegg gjev Handlingsplan for trafikksikring og Kollektivstrategien med handlingsprogram føringar for aktuelle tiltak. Fylkeskommunen ser også til andre relevante plandokument når prosjekt skal prioriterast, og i særleg grad ulike regionale planar. Kommunane sine trafikksikringsplanar er viktige og relevante verktøy for fylkeskommunen til å kunne prioritere trafikksikringstiltak på fylkesvegnettet. Den totale løyvinga til planlegging i 2017 er på 16 mill. kr.

1.1.1 Regional transportplan Hordaland 2013-2024

Regional transportplan Hordaland (RTP) 2013-2024 legg grunnlag for fylkeskommunen sine prioriteringar gjennom handlingsprogram og budsjettvedtak. RTP legg føringar for investeringar i vegnettet på lang sikt og klassifiserer fylkesvegnettet i to nivå:

1. Overordna vegar (høg funksjonsklasse eller høg trafikbelastning)
2. Øvrige fylkesvegar

Denne inndelinga av fylkesvegnettet er eit grunnlag for å prioritere midlar til standardutbetring, til vedlikehald og til planlegging.

Handlingsprogram 2015-2017 (vedlegg til Regional transportplan Hordaland 2013-2024) har følgjande tre prioriteringar:

- Markert styrking av tiltak for å ta vare på det eksisterande vegnettet
- Gjennomføring av allereie prioriterte prosjekt
- Strekningsvise utgreiingar

Planprosjekta i dei årlege plan- og byggeprogramma er utforma på bakgrunn av dei føringane som er lagt i RTP og Handlingsprogram 2015-2017. Arbeidet med rullering av RTP er i gang, og planprogrammet vart vedteke i januar 2016. Det er venta at RTP vert lagt fram for politisk handsaming i juni 2017.

1.1.2 Standardheving på eksisterande fylkesvegnett

Som ein viktig del av underlaget til gjeldande RTP (2013-2024) er det gjennomført strekningsvise utgreiingar for det overordna fylkesvegnettet. Dei strekningsvise utgreiingane gjev vegfaglege tilrådingar om prioritering av vegprosjekt. I dei seks utgreiingane ligg det ei tilråding om moglege tiltak på dei einskilde rutene slik at ein kan få ein brukbar standard på lang sikt. Dei seks ulike utgreiingane fordeler seg slik:

- Ulvik – Trengereid (Fv 572 og 7)
- Odda – Tysse, med arm til Norheimsund og Osøyro (Fv 551, 48, 107, 49 og 552)
- Odda – Svortland (Rubbestadneset) (Fv 550, 551, 48, 541 og 542)
- Sveio – Bergen (Rådal) (Fv 47, 49, 58, 59, 61, 65, 544, 545, 546)
- Bergensområdet (Fv 198, 212, 216, 217, 218, 224, 555, 561, 562, 563, 566, 567)
- Nordhordland (Fv 57, 564, 565, 568, 569, 570)


Det vert no arbeidd med ei kartlegging av det øvrige fylkesvegnettet, der fokuset er å synleggjere tiltak for punktvisse utbetringar. Målet er å sikre at vegkapitalen ikkje forfell, og å sikre trafikkarlege punkt og skredutsette strekningar. Dette arbeidet er planlagt ferdig i desember 2016.

Det er stort behov for å utbetre fylkesvegnettet, og i dei kommande åra må det gjerast tydelege prioriteringar innanfor standardhevingsmidlane, og midlane til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet for å stoppe forfallet. Grunnlaget for dette ligg i Strategi for drift og vedlikehald på fylkesvegnettet som vert lagt fram for fylkestinget i desember 2016. Hovudmålsetjinga i strategien er å ha eit trafikksikkert og framcomeleg fylkesvegnett,

og å styrke vedlikeholdet av dagens fylkesvegnett med mål om å stoppe forfallet. Eit viktig element i dette er at standardhevingsposten ved nytta til investeringar med vedlikehaldskaraktar. Andre viktige vegobjekt som strategien løftar fram er forpliktinga i samband med ny tunnellsikkerheitsforskrift for fylkesvegnettet. Dette vil ha store økonomiske konsekvensar for fylkesvegbudsjettet dei kommande åra. Eit anna område er fylkesvegbruene, - der mange er av eldre dato og krev større og kostnadskrevjande vedlikehald. I tillegg kjem den auka faren for flaum, skred og ekstrem nedbør, som følgje av klimaendringar.

I 2017 må ein avklare kva tiltak som kan prioriterast i utarbeidinga av ny RTP med handlingsprogram, og setje i gang naudsynt planarbeid.

Kart. Klassifisering av fylkesvegnettet i Hordaland



1.1.3 Val av standard på fylkesvegnettet

Vegdirektoratet har utarbeidd vegnormalar med heimel i forskrift til veglova. Målet med normalane er å sikre ei vegutforming som gir effektiv og trygg person- og godstransport, og god tilpassing til nærmiljøet. Det er handbok N100 Veg- og gateutforming som omtalar vegstandarden mest direkte. N100 gjer greie for standardkrav, og deler vegane inn dimensjoneringsklassar. Ein dimensjoneringsklasse vert valt ut frå ÅDT, fartsgrense og vegen sin funksjon. Punktutbetring/ mindre utbetringar av vegnettet kan gjennomførast utan at krava i vegnormalane vert gjort gjeldande. Det pågår no eit arbeid med revisjon av N100, og det er varsla at denne kjem på høyring.

Statens vegvesen har mynde til å eventuelt fråvike vegnormalane for riksveg, medan fylkeskommunen har dette for fylkesveg. Som vegeigar skal fylkeskommunen difor vere involvert i vurderinga av kva standard som skal leggjast til grunn for den einskilde vegstrekning. Dette heng saman med eit behov for større fleksibilitet, der mellom anna handbok N100 i større grad må tilpassast fylkeskommunane sine behov, og gje meir fleksibilitet gjennom lokale behov knytt til ÅDT, skuletransport, trafikktryggleik med meir. For fylkeskommunen som vegeigar er det viktig at val av standard skjer tidleg i planprosessane som har med fylkesveg å gjere.

1.1.4 Kollektivtrafikk og arbeidet med å utvikle knutepunkt

Gjeldande kollektivstrategi for Hordaland er forankra i RTP, og vart vedteke av fylkestinget i juni 2014. Handlingsprogrammet til kollektivstrategien for perioden 2015-2018 vart òg vedteke i juni 2014, - denne er for tida under revisjon for perioden 2017-2020.

Om knutepunkt seier kollektivstrategien, at det må utformast gode byttepunkt. Omstiging må akseptast som ein nødvendig del av transportnettet. Viktige knutepunkt må legges til rette for optimale byte, slik at både fysisk utforming, informasjon og korrespondanse mellom linjene står opp om effektiv omstiging. Handlingsplanen legg til grunn at det skal arbeidast for betre kvalitet på knutepunkt og haldeplasser. Dette er i særleg aktuelt for Hordaland utanom Bergen, og i byggeprogrammet er det her midlane er prioritert inn.

Det er gjort ei omfattande kartlegging av kollektivknutepunkt i fylket. 39 knutepunkt utanom Bergen er nøye vurdert. I tillegg er det gjennomført kartlegging av moglege kollektivtiltak i samband men Askøypakken og Nordhordlandspakken, i Kvam herad og i Kvinnherad kommune er det gjort tilsvarande kartleggingar. Vidare er det gjennomført ei kartlegging av universell utforming på 28 fylkeskommunale ferjekaiar i Hordaland. Førermålet med kartleggingane har vore å dokumentere status og behov for tiltak.

Kartleggingane viser at det er eit stort behov for opprusting. På dei fleste stadene vil mindre tiltak ha stor verdi, medan på 25 av knutepunkta er det større tiltak som må gjennomførast. Dei aller fleste knutepunkta er dårleg tilrettelagt for reisande som ikkje er lokalkjent gjennom mangelfull skilting mellom dei ulike reisemidla. Vidare har fleire ferjekaiar manglande tilrettelegging for busshaldeplass, og byte mellom reisemiddel. Fleire av knutepunkta og ferjekaiene stettar ikkje krava til universell utforming. For meir informasjon om knutepunkt i prosess vert det vist til Kollektivstrategien sitt handlingsprogram.

1.1.5 Prioritering av trafikksikringstiltak

Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017 vart vedteke av fylkestinget i mars 2014. Nullvisjonen om eit transportsystem som ikkje fører til drepne og hardt skadde ligg fast. Dette inneber at ein må prioritere arbeidet med å redusere dei alvorlegaste ulykkene. I Hordaland inneber dette å prioritere tiltak retta mot møte- og utforkøyringsulykker, samt mjuke trafikantar i byområde. Dei fleste alvorlege ulykkene i Hordaland skjer på riksvegnettet og på det overordna fylkesvegnettet. Arbeidet med å rullere handlingsplanen for trafikksikring vil vere ei viktig oppgåve for Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland i 2017.

Om ulike typar trafikksikringstiltak

- Tiltak etter trafikksikringsinspeksjon
Tiltak på utvalde ulukkestrøkingar etter trafikksikringsinspeksjon (TS-inspeksjon). Oftast mindre tiltak innanfor eigen vegggrunn. Dei vanlegaste tiltaka er sikring av sideterreng (rekkverk, støtputer, fjerne stolpar og trær, pigge av utstikkande fjellknausar, jordvoll mot fjellskjering og slake ut grøfter). Andre aktuelle tiltak er siktrydding mot kryss og gangfelt, betre skilting, meir vegljøs og justering av kryss/avkøyrslar/ gangfelt.

- **Fartsregulering**
Fysisk fartsreduksjon ved bruk av fartshumpar, heva gangfelt og puter. Skilting av lågare fartsgrense (ofte kombinert med tiltaka over).
- **Signalregulerte gangfelt**
Signalregulering av gangfelt der fartsnivået er høgt og der det er høg ÅDT (normalt over 8 000).
- **Sikring av kryssingspunkt**
Etablere nye gangfelt. Siktutbetring, betre skilting, betre vegljøs, montering av leiegjerder, etablering av midt-øy og universell utforming. Ofte kjem tiltaka i kombinasjon med fartsregulering.
- **Gang- og sykkelveg /fortau**
Med vekt på strekningar der desse kan binda saman eksisterande anlegg eller på stader der dette vil føre til færre kryssingar av bilvegen. Også aktuelt med oppgradering av eksisterande anlegg som for eksempel endring frå fortau til gang- og sykkelveg.
- **Utbetring av ulukkespunkt**
Ombygging av definerte ulukkespunkt (minst 4 ulukker innafor 10 m i løpet av 5 år). Mindre utbetringar på stader der etterforsking etter dødsulukker viser at det er manglar ved vegsystemet.
- **Vegljøs**
Vegljøs på vegar utan ljøs eller opprusting av gamle lysanlegg. Særleg fokus på kryssingspunkt for mjuke trafikantar og på strekningar som ikkje har separert anlegg for fotgjengarar/syklistar.
- **Midtrekkverk, midtoppmerking og (strekningsvis) automatisk trafikkontroll (ATK)**
Midtrekkverk er eit effektivt tiltak for å redusere talet på møteulykker. På vegar som ikkje innfrir krava til etablering av midtrekkverk pga vegbreidde, er forsterka midtoppmerking (sinusfresing) eit særleg aktuelt tiltak. Tiltaket (strekningsvis) automatisk trafikkontroll (ATK), er eit anna tiltak for å få ned farten for å hindre alvorlege møte- og utforkøyringsulykker.
- **Andre utbetringar på veg**
Tiltak som ikkje fell under dei andre områda, men som likevel reknast å gje auka tryggleik. Eksempel kan vera utretting av skarpe svingar, ombygging av busstopp, sykkelfelt og ulike skiltreguleringar som parkeringsregulering, forkøyrsvog og full stopp. Strakstiltak frå andre tiltaksområder, fell også inn i denne gruppa.

1.1.6 Rassikring og planreserve

Det er mange rasutsette punkt og strekningar på fylkesvegnettet i Hordaland. Statens vegvesen oppdaterte *Skredsikringsbehov for riks- og fylkesveggar i Region vest* i desember 2015. Uføresette hendingar og hyppigare ekstremver gjer at behovet for midlar er stort.

Staten bidreg med øyremerkta midlar til skredsikring. I handsaminga av NTP våren 2017 vert planrammene for statlege skredsikringsmidlar til fylkesvegane i perioden 2018-2021 avklart. Deretter blir rammene fordelt mellom dei ulike fylka av Vegdirektoratet/Samferdselsdepartementet.

Fylkeskommunen ønskjer å ha ein planreserve for rassikringstiltak som eit godt grunnlag til prioritering av midlane framover. Utgangspunkt for mogelege prosjekt er dei høgast prioriterte fylkesvegprosjekta i *Skredsikringsbehov for fylkesveggar i Hordaland*.

Det er mange skredsikringstiltak som ikkje krev reguleringsplan for å kunne starte prosjektering og bygging. Planlegging etter plan- og bygningslova tek ofte lang tid. Skal ein prioritere prosjekt som har behov for reguleringsplan i perioden 2018-21 bør ein komma i gang med planlegging i 2017. Vedtekne reguleringsplanar vil gje meir sikker informasjon om omfang, løysing, sikrere kostnadsanslag med vidare.

Høgt prioriterte skredsikringsbehov – utgreiingar, kommunedelplan, reguleringsplan

Det vert gjort førebuaende arbeid på fleire av dei høgast prioriterte skredsikringsbehovet for å avklare mogelege løysingar og eventuelt behov for reguleringsplan. Dette vert finansiert over planprogrammet. I arbeidet med

nye bompengepakkar kan fylkeskommunen vurdere å løfte opp lågare rangert skredsikringsbehov for å få til synergieffektar ved rigg av større anleggsverksemd i området. Fylkestinget kan også omprioritere prosjekt til dømes ut frå trafikkmengde.

Statens vegvesen vil utgreia vidare prosjekt med høg prioriteringsfaktor frå lista «Skredsikringsbehov for fylkesvegar i Hordaland – desember 2015». Dette vil vera grunnlag for Hordaland fylkeskommune si prioritering av rassikringstiltak frå 2018, etter Fureberg bru. Forhold som trafikkmengde, overordna/øvrig fylkesveg, og omkøyning, skuleveg mv vil her vera viktige kriterium. I tillegg må ein vurdere kostnad og kva tiltak ein kan få gjennomført på kortare sikt utan reguleringsplan.

Fv 7 Tokagjelet, Kvam

Strekninga frå Kvamskogen til Steinsdalen gjennom Tokagjelet er rasutsett på fleire punkt. I tillegg er veg- og tunellstandarden dårleg og langt under dagens standard. Statens vegvesen har i juli 2016 levert eit forprosjekt med utgreiing av ulike alternativ for å rassikra og utbetra denne strekninga. I 2017 vert det lagt opp til å starta opp arbeidet med kommunedelplan.

1.1.7 Pågåande bompengepakkar og pakk under planlegging

I Hordaland er følgjande bompengepakkar på fylkesveg sett i gang; Askøypakken, Bergensprogrammet, Bømlopakken, Haugalandspakken, Kvammapakken og Stord vestsida.

Nordhordlandspakken vart handsama i fylkestinget 10.06.2015 og er sendt over til Vegdirektoratet for vidare handsaming. Det er venta at Nordhordlandspakken vert vedteke i Stortinget i 2016/2017. Kostnadsråma er på 1,4 mrd.-2013 kr. Det vert og arbeidd med bompengepakkar mellom anna i kommunane Stord og Kvinnherad. Arbeid med revisjon av vegpakkane på Bømlo og i Kvam er starta opp.

1.2 Prosjekt under planlegging

I all hovudsak er det Statens vegvesen som planlegg prosjekt på fylkesvegnettet på vegne av fylkeskommunen, men i nokre tilfelle har kommunane sjølv starta opp planarbeid for fylkesveg. Statens vegvesen deltek då med vegfagleg og byggherrefagleg kompetanse for å sikre at planane har tilstrekkeleg kvalitet og er byggbare. Utover dette bidreg Statens vegvesen med dialog og rådgjeving i ei rekkje mindre kommunale plansaker som vedkjem fylkesvegnettet. I alle tilfelle er det særskilt viktig at val av vegstandard skjer tidleg i prosjektfasen.

Planprogrammet for 2017 byggjer på RTP, og inneheld ulike planar som er naudsynte for å byggje betre infrastruktur. Totalråma for 2017 er 16 mill. kroner.

Reguleringsplanar

Fv 6 Grimstveit – Sveio sentrum, Sveio

Strekningen frå Buamyrdalen til Grimstveit er utbetra. Planlegginga for Grimstveit – Sveio sentrum er i gang. Strekingen ligg på det øvrige fylkesvegnettet. Det er trong for å utbetre vegstrekningen frå Grimstveit til Sveio sentrum mellom anna med gang og sykkelveg. Vedteken reguleringsplan er ein føresetnad for å få dette til. Her har ein konsulent på plass og forventar planvedtak i 2017. Finansiering av eventuell bygging er uavklart.

Fv 47 Sveio – Nordre avkøyrsløp til Sveio sentrum, Sveio

Planlegginga er i gang. Tiltaket ligg på overordna fylkesveg. Her vert det planlagt kryssutbetring og gang-/sykkelveg. Finansiering er uavklart.

Fv 19 Rubbestadneset – Rolvsnes, Delstrekning Stangarvågen – Agakrysset, Bømlo (Bømlopakken)

Heile strekingen ligg på øvrig fylkesveg. Her manglar g/s tilbod til bustadområde. Prosjektet skal finansierast i Bømlopakken og planforslag er forventa klart hausten 2017.

Fv 23 Tverråna – Alvsvågkrysset, Bømlo (aktuell i revidert Bømlopakke)

Planarbeidet er starta opp. Strekingen ligg er øvrig fylkesveg. Tiltaket er vegutbetring og tilbod til gåande og syklande på heile strekket. Planvedtak er venta i 2017.

Fv 541 Sakseid – Hestaneset, Bømlo (Bømlopakken)

Strekningen ligg på øvrig fylkesveg. Reguleringsplan er snart ferdig og inneber omlegging /utviding av vegen. Både planlegging og bygging ligg i Bømlopakken.

Fv 542 Svortland sentrum, Bømlo (aktuell i revidert Bømlopakke)

Planarbeidet ligg på det overordna fylkesvegnettet og har hovudfokus på tilbodet for mjuke trafikantar. Opprusting av kollektivknutepunktet er med i planarbeidet. Planutkast vil liggje føre våren 2017 og venteleg planvedtak i 2017/18.

Fv 48 Skånevik – Nesvåg samt delar av Nesvåg – Skånevik, Etne

Det ligg føre forprosjekt og framlegg om å starte reguleringsplanarbeid på delar av strekningen. Målet er plangrunnlag for vegutbetring med fokus på mjuke trafikantar i tettbygde strok, breiddeutviding og utretting av svingar. Fv 48 Håland-Skånevik er klassifisert som øvrig fylkesveg. Med utgangspunkt i forprosjekt og prioritering frå Etne kommune vert delstrekningane Prestvågen-Nesvågen og Nesvågen-Flesjo regulert no. Planarbeid vert starta hausten 2016, - med mål om planforslag sommaren 2017. Finansiering av bygginga er uavklart.

Fv 67 Lønning – Sagvåg, Stord (aktuell i framtidig Stordpakke)

Strekningen ligg på øvrig fylkesveg. Målet er vegutbetring med gang- og sykkelveg.

Fv 544 Øvre Sæ – Fv 68 Tysevegen, Stord (aktuell i framtidig Stordpakke eller E39)

Dette tiltaket gjeld 600 meter ny veg og skal fjerne gjennomgangstrafikk gjennom sentrum frå bustadområde og etablere samanhengande sykkeltilbod.

Fv 545 Stord vestside, kommunegrensa Stord / Fitjar (Stord vestside)

Dette er eit reguleringsplanarbeid som starta opp i 2015 der føremålet er vegutbetring. Planutkast er forventa i 2016 og vedtak i 2017. Prosjektet ligg på overordna fylkesvegnett.

Fv 544 Vabakken – Leirvik sentrum – Ådland bru, Stord (aktuell i framtidig Stordpakke)

Planarbeidet gjeld samanhengande sykkelveg med fortau og gateopprusting gjennom Leirvik. Tiltaket ligg på overordna fylkesveg. Det inkluderer også nytt kollektivknutepunkt i Leirvik sentrum. Planforslag er forventa ferdig i løpet av 2016. Planvedtak kjem venteleg i 2017.

Fv 546 Storebø – Eidsbøen, Austevoll

Det ligg føre eit forprosjekt. Vegen er på det øvrige fylkesvegnettet, og er 1,5 meter for smal og reguleringsplanen vil ha fokus på utbetring av vegen og gang og sykkelveg. Strekningen er om lag 1900 m. Prosjektet vil starte opp i 2016. Tiltaket har førebels ikkje finansiering.

Fv 57 Skodvin skule – Vågseid (gs-veg), Lindås

Dette er overordna fylkesveg og her manglar tilbod til gåande og syklande. Realisering av planen vil auke trafikktryggleiken og skape samheng i sykkelvegnettet. Planen regulerer ikkje køyrevegen. Planvedtak er venta i 2017. Tiltaket har førebels ikkje finansiering.

Fv 57 Lindås – Austrheim grense (gs-veg), Lindås

Strekningen frå Lindås og fram til Mongstad ligg på overordna fylkesveg, har stor trafikk og ikkje tilstrekkeleg tilbod for mjuke trafikantar. Det er mange trafikkulukker her. Difor er det trong for planlegging av gang og sykkelveg. I prosjektet ligg også noko vegutbetring. Det er venta planvedtak i 2017. Tiltaket har førebels ikkje finansiering.

Fv 565 Grense Radøy/Lindås til Sæbø skule, Radøy (Nordhordlandspakken)

Vegen er overordna fylkesveg. Strekningen er 3,3 km lang. Her er det trong for vegutbetring og gang -og sykkelveg.

Fv 564 Flatøy terminal og innfartsparkering, Meland (Nordhordlandspakken)

Flatøy er eit viktig knutepunkt for kollektivreisande i Nordhordland med enkle fasilitetar. Tiltaket ligg til overordna fylkesveg og riksveg. Reguleringsplanen starta i 2015. Finansieringa inngår i Nordhordlandspakka. Det er forventa eit planforslag i løpet av 2016.

Fv 564 Fløksand – Vikebø, Meland (Nordhordlandspakken)

Strekningen ligg på det øvrige fylkesvegnettet, og har berre eit felt. Føremålet er vegutbetring/ny veg. Det er utfordrande grunntilhøve. Planlegginga starta i 2016.

Fv 245 Fosse – Moldekleiv, Meland (Nordhordlandspakken)

Strekningen ligg på det øvrige fylkesvegnettet. Vegene er 3,5 lang og smal med varierende standard, og med mange kryssingspunkt. Det er ikkje tilbod til gåande og syklende. Finansiering av bygginga og planlegginga inngår i Nordhordlandspakken.

Fv 564 Frekhaugkrysset, Meland (Nordhordlandspakken)

Krysset ligg i kommunesenteret i Meland. Det ligg føre områdeplan som inkluderer krysset, men på grunn av nye normkrav og endra arealbruk, bør krysset regulerast på nytt. Trafikktryggleik er viktig tema i denne planen. Planlegging av kollektivterminal og aktuell strekk av dei to vegane inngår i planområdet.

Fv 562 Juvik – Ravnanger, Askøy (Askøypakken)

Tiltaket har utgangspunkt i ein eldre vegplan. Vegene er overordna fylkesveg. Planfasen har vore lang og planen er omstridt. Planforslag er sendt Askøy kommune for vedtak. Det kan vere trong for mindre etterarbeid i 2017.

Kommunedelplan

Fv 7 Tokagjelet (Steinsdalen – Tokagjelet – Kvamskogen), Kvam

Tokagjelet ligg øvst på skredsikringslista. Forprosjektet vart fullført i 2016, og det vert rådd til å vidareføra arbeidet som ein kommunedelplan med konsekvensutgreiing. Planarbeidet vil ikkje kunne slutførast i 2017.

Planlegging og utgreiing på fylkesveg i kommunal regi

Fv 47 Områdeplan Ekrene vest, Sveio

Dette har vore fleire ulukker her og det manglar tilbod for gåande og syklende på den eine sida av vegen. Tiltaket vil binde saman og gje kontakt til etablert undergang ved Ekrene industriområde. Det er lagt opp til planforslag i løpet av 2017. Fylkesvegmidlar inngår i finansieringa av planarbeidet. Sjølve tiltaket har førebels ikkje finansiering.

Fv 555 Kolltveit – Austefjorden (Sotra sør), Fjell og Sund

Dette er overordna fylkesveg og ein tilførsleveg til Sotrasambandet. Fjell og Sund kommunar utarbeidar reguleringsplanforslag med utgangspunkt i vedteken kommunedelplan. Statens vegvesen deltek i arbeidet. Finansieringa av tiltaket er ikkje avklart.

Fv 561 Kolltveit – Ågotnes (Sotra nord), Fjell

Dette er ein tilførsleveg til Sotrasambandet som er klassifisert som overordna fylkesveg. Fjell kommune utarbeidar reguleringsplanforslag med vedteken kommunedelplan som grunnlag. Statens vegvesen deltek i arbeidet. Finansieringa av tiltaket er ikkje avklart.

Fv 565 Ny Alversund bru med veg, Lindås

Brua inngår i overordna fylkesvegnett. Forprosjekt er ferdig. Lindås kommune arbeider med kommunedelplan, og Statens vegvesen deltek i planarbeidet med vegfaglege råd. Finansieringa av tiltaket er ikkje avklart.

Masfjordsambandet, Masfjorden

Øvrig fylkesvegnett, ikkje finansiert. Reguleringsplan held fram i kommunal regi.

Diverse reguleringsplanar Kvinnheradspakken, Kvinnherad (aktuell for Kvinnheradspakken)

Kommunen arbeider med ein Kvinnheradspakke. Det kan verte behov for å utarbeide fleire reguleringsplanar. Det skal til dømes planleggast gang og sykkelveg gjennom tettstaden Herøysund. Tiltaket ligg på overordna fylkesveg. Planforslag skal liggje føre i 2018. Det skal nyttast fylkeskommunale midlar til planlegginga.

Utgreiingar/ forprosjekt

Ferjesambandet Stord – Kvinnherad

For å korte inn sambandet mellom Stord og Kvinnherad, er det starta opp eit teknisk/økonomisk forprosjekt for å vurdere eit nytt eit nytt ferjestø ved Djupavikneset ved Leirvik til erstatning for Skjersholmane. Rapport frå forprosjektet skal liggje føre i desember 2016, og avklare om løysinga let seg realisere.

Sykelbyavtale Stord

Fylkeskommunen og Statens vegvesen er partar i sykkelbyprosjektet på Stord. Det må setjast av planmidlar til å få fram prosjekt her.

Miljøtiltak problemkartlegging

I arbeidet med regional plan for vassregion Hordaland med tiltaksprogram skal vegeigar kartlegge behov for tiltak på fylkesvegane.

Fv 7 Planbehov Norheimsund – Granvin, Kvam og Granvin

Fylkesveg 7 er overordna fylkesveg. Dei strekningsvise utgreiingane peikar på moglege tiltak her. Framkomst er hovudtema. Det er i tillegg nyleg gjort eit utgreiingstiltak som peikar på tiltak som kan utførast på kortare sikt. Vidare arbeid skal sortere tiltak som krev planlegging og tiltak som kan gå rett til prosjektering/bygging.

Fv 48 Mundheimsdalen – Holdhus, Fusa

Fylkesveg 48 er overordna fylkesveg. Prosjektet er ei oppfølging av strekningsvise utgreiingar. Det må gjerast eit forprosjekt for å avklare ein framtidig planprosess.

Planarbeid - ny vegvisning indre Hordaland

Det er lagt fram ei utgreiing om ny og betre vegvisning som inneber endring av nokre vegnummer. Det inneber trong for skiltplaner for å endre skiltinga etter nyordninga.

Planarbeid for overordna fylkesvegnett

Dette gjeld overordna fylkesvegnett og oppfølging av dei strekningsvise utgreiingane. Her er det trong for å sortere prioriterte tiltak for vidare planarbeid. Dei prosjekta som ikkje treng planlegging, kan prosjekterast når finansiering er avklart. Dei andre tiltaka må det formulerast planoppgåver på.


Siling av skredsikringsprosjekt

Det er trong for å gå gjennom «Skredsikringsbehov for riks- og fylkesvegar i Region vest» for å kome fram til ei prioritert liste i høve til mellom anna nytte/ kostnader, trafikk på dei aktuelle vegane og planbehov. Etter Fu-berbergfossen og Tokagelet, er det viktig å ha dei riktige prosjekta klare.

Diverse mindre prosjekt

Det er behov for å sette av midlar til planlegging av mindre prosjekt. Potten kan og nyttast til delfinansiering av pågåande prosjekt som er under avslutning og manglar finansiering over årsskiftet. Forprosjekt som kan vere aktuelle å ta under diverseposten kan være kollektivfelt Fv 562/563 Strusshamnvatnet/Kleppstø-Storavatnet, GS-veg Fv 555 Kolltveit-Ågotnes, Fv 7 Øystese – Ålvik, Fv 565 snuplass i Alversund.

Kart. Prosjekt under planlegging



16-2516 grafisk.senter@vegvesen.no

Byggeprogram 2017

2.1 Strekningsvise prosjekt

Tabell 3. Strekningsvise prosjekt 2017

| Fv. nr. | Prosjekt | Kommune | Løyving | Bompengar | Budsjett 2017 |
|------------------------------------|----------------------------------|---------------|----------------|----------------|----------------|
| 545 | Stord vestsida | Stord/ Fitjar | 9 000 | 26 000 | 35 000 |
| | Kvammapakken | Kvam | 22 100 | 31 900 | 54 000 |
| | Bømlopakken | Bømlo | 72 000 | 100 000 | 172 000 |
| | Askøypakken | Askøy | 27 500 | 82 500 | 110 000 |
| | Nordhordlandspakken | Fleire | 13 500 | | 13 500 |
| 6 | Haugalandspakken, Sveio - Buamyr | Sveio | 6 500 | 4 100 | 10 600 |
| 209 | Storskaret-Arefjordpollen | Fjell | 55 000 | | 55 000 |
| 158 | Grindavoll-Lepsøy | Os | 19 500 | | 19 500 |
| | Kollektivknutepunkt Voss | Voss | 20 000 | | 20 000 |
| 546 | Austevollbrua | Austevoll | 10 200 | | 10 200 |
| 562 | Askøybrua, gjerde | Askøy | 29 300 | | 29 300 |
| 161 | Åsen-Helleskaret | Os | 20 400 | | 20 400 |
| SUM Strekningsvise prosjekt | | | 305 000 | 244 500 | 549 500 |

Alle tal i 1000 kr.

Stord vestsida, Stord og Fitjar

Stord vestsida vart vedteken 21. september 2012 i Prop. 149 S Finansiering av Fv 545 i Fitjar og Stord kommunar i Hordaland. 21. november 2014 vart innkrevjingstida forlenga med to år i Prop. 32 S Endringar i statsbudsjettet 2014 under Samferdselsdepartementet.

Prosjektet Fitjar – Rimbareid vart ferdigstilt i 2012. Sagvåg bru vart ferdigstilt i 2016. Prosjektet Rimbareid – Vik vert lyst ut hausten 2016 og ein ventar full produksjon i 2017. Det står etter dette att tre prosjekt; Fv 545 kommunegrensa, Fitjar sentrum og Sagvåg sentrum. Ein startar prosjektering av desse i 2017. I 2017 set fylkesrådmannen av 35 mill. kr og dei resterande midlane 42,4 mill. kr vert sett opp i 2018.

Kvammapakken, Kvam

Kvammapakken er eit bompengeprojekt for å utbetra og trafikksikra deler av vegnettet i Kvam herad. Samla kostnadsramme for Kvammapakken var på 440 mill. 2009-kroner. Innkrevjingsperioden starta i 2010 og går fram til 2029.

Berre eitt av prosjekta hadde vedteken reguleringsplan ved oppstart av pakken og har halde seg innafor avsett kostnadsramme. Dei andre prosjekta i pakken har hatt kostnadsauke i forhold til avsett ramme og ikkje alle prosjekta vert bygd. Resterande midlar i pakken vert avsett i 2017 til å ferdigstille prosjektet Nes – Norheimsund. Kostnader og attståande midlar i pakken vert gjennomgått hausten 2016. Fylkesrådmann set opp førebels 54 mill. kr totalt til Kvammapakken. Kvam heradsstyre har sett i gang arbeid med revisjon av bompengepakken.

Bømlopakken, Bømlo

Bømlopakken er eit bompengeprojekt for å utbetra og trafikksikra deler av vegnettet i Bømlo kommune. Innkrevjinga starta opp 2. mai 2013 då Trekantsambandet vart nedbetalt, og innkrevjingsperioden vil vera 15 år. Det er sett opp bomstasjon på Fv 542 Spissøy og på ferja Langevåg – Buavåg.

Prosjektet Fv 542 Stokkabekken – Siggjarvåg starta i slutten av 2014 og er det største prosjektet i Bømlopakken. Det vil opne for trafikk sommaren 2017. Tjong – Løvegapet vil truleg starte i slutten av 2016 og opne for

trafikk hausten 2017. Røyksund bru starta i september 2016 og vil opne for trafikk til sommaren 2017. På vegen til Rolfsnes og Goddo er det berre mindre utbetringstiltak som vert gjennomført. Fylkesrådmannen set av 172 mill. kr i 2017. Bømlo kommune har sett i gang arbeid med revisjon av bompengepakken.

Askøypakken, Askøy

Askøypakken vart vedteken 27. september 2013 i Prop. 197 S (2012-2013) Delvis bompengefinansiering av Askøypakken. Finansieringsplanen omfattar eit kostnadsoverslag på 1 540 mill. kr (2013-kr) der fylkeskommunen dekkjer 420 mill. kr og bompengar utgjer 1 120 mill. kr.

I 2017 er det planlagt produksjon på Fv 563 Strømsnes – Hop og Fv 562 Lindhaugen - Slettebrekka. Ein ventar oppstart på Fv 212 Slettebrekka – Hetlevik. Vidare vil ein prosjektere og foreta grunnnerverv på Fv 213 Skiftesvik – Marikoven. Bygging av diverse kollektivtiltak vil skje i 2017. Ein føreset å starte prosjektering på Fv 562 Fauskanger sør og Fv 562 Fromreide – Kjerrgarden. Fylkesrådmannen set opp 110 mill. kr i 2017.

Oversikt over ulike kollektivtiltak i Askøypakken i 2017:

- Fv 217 Djupamyrr
- Fv 562 Ravnanger terminal
- Fv 212 Follese skole
- Fv 562 Krokåsfeltet – Strusshamnkrisset
- Fv 212 Flagget v/ idrettsanlegg
- Fv 563 Solviken
- Fv 563 Storeklubben

Nordhordlandspakken, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Meland, Modalen, Lindås, Radøy

Det pågår no ei ekstern kvalitetssikring (KS2) av bompengesøknaden for Nordhordlandspakken (NHP). Denne KS2 vert ferdig i november 2016. Bompengesøknaden vil då verte oversendt til Stortinget for handsaming.

Fylkesrådmannen ønskjer å kome i gang med dei første prosjekta så fort som muleg. Det er det første prosjektet (høgast prioritet), Fv 565 Marås-Soltveit, som er kome lengst med omsyn til gjennomføring. Her føreligg det ein godkjent reguleringsplan. Tiltaket vert prosjektert og arbeidet med grunnnerverv er starta opp. Konkurransgrunnlag vil verte klart hausten 2017. Det vert sett av 13,5 mill. kr til dette arbeidet i 2017. Det er ei forskotering av fylkeskommunale midlar i Nordhordlandspakken. Arbeidet med reguleringsplanar for fleire prosjekt vil også halde fram i 2017. Desse er omtala under planprogrammet.

Hauglandspakken Sveio – Buavåg, Sveio

Utbetring av Fv 6 Sveio-Buavåg (Buamyrr – Grimstveit) er prioritert i Hauglandspakken. Tiltaket inneber utbetring av vegstrekningen. Sveio kommune har stått for utarbeiding av reguleringsplan for prosjektet.

Det vert sett av 27 mill. kr i bompengar til tiltaket og totalt 12 mill. kr i fylkeskommunale midlar. Av totalkostnadane er mva berekna til ca 6,7 mill. kr. Prosjektet starta opp i 2016 og er venta ferdig i 2017. Fylkesrådmannen set av 10,6 mill. kr i 2017.

Rv 555 og Fv 209 Storskaret – Arefjordpollen, Fjell

Tiltaket omfattar bygging av om lag 1 km ny veg frå Rv 555 ved Arefjorden til Fv 209 ved Storskaret. I 2013 vart det sett av totalt 152 mill. kr for åra 2014 og 2015 (2013-kr). Prosjektet vart lyst ut 2015, hovudproduksjonen av tiltaket skjer i 2016. Det skal stå ferdig juni 2017. Fylkesrådmannen set av 55 mill. kr i 2017 til å ferdigstille arbeidet.

Fv 158 Grindavoll – Lepsøy, Os

Tiltaket omfattar utbetring av eksisterande veg og bygging av gang- og sykkelveg. Strekingen frå Grindavoll til Lepsøy bru er om lag 3,5 km lang og kan byggjast ut stegvis. Det var naturleg å dele strekingen inn i tre delar:

- Delstrekning 1: Grindavoll – Falkavegen (1,15 km)
- Delstrekning 2: Falkavegen – Blindasundet (1,2 km)
- Delstrekning 3: Blindasundet – Lepsøy bru (1 km)

I 2013 vart det løyvd totalt 71 mill. kr (2013-kr) og det vart avgjort at delstrekning 1 Grindavoll–Falkavegen vert utbetra. Resterande midlar skal nyttast til utbetringar på siste delstrekning (Blindasundet – Lepsøy bru). Det vert no prosjektert fortau i Garvika. Fylkesrådmannen set av 19,5 mill. kr i 2017 til å gjere arbeidet på Grindavoll – Falkavegen ferdig og bygge fortau i Garvika.

Kollektivknutepunkt Voss

Det har vore ei planleggingsgruppe med Jernbaneverket, Rom Eiendom, Voss kommune, private og Statens vegvesen som har arbeidd fram planar for stasjonsområdet på Voss. Det er ein godkjent reguleringsplan for ein kollektivterminal for bussar knytt opp mot jernbanen. Det er lagt opp til at det skal vere ei kostnadsdeling 50/50 mellom riksvegar (stat) og fylkeskommunen. Kostnadane er rekna til totalt 46 mill. kr.

Utbygging av terminalen for bussane vert koordinert med ROM si utbygging av jernbaneterminalområdet. Det har teke litt tid å få finansiert heile terminalområdet, jfr melding RS 53/2016 til MISA. Prosjektet er klart til utlysing hausten 2016, men det står att nokre avklaringar i forhold til grunneigar. Hordaland fylkeskommune vil inngå avtale med 50/50-delning med ROM Eiendom AS som byggherre, for venterom knytt til jernbaneområdet. Fylkeskommunen yter dette som tilskot til ROM. Fylkesrådmannen set av 20 mill. kr i 2017 til tiltaka.

Fv 546 – Austevollbrua, Austevoll

I samband med Stortinget si handsaming av St. prp. Nr. 30 (2004-05) vart det gjort vedtak om at prosjektet i ein femtenårsperiode skulle tilførast ein årleg sum på vel 9 mill. kr i innsparde ferjesubsidiar. Delar av tilskotet vert prisjustert med 2,5 % per år. Fylkesrådmannen set opp 10,2 mill. kr i 2017.


Fv 562 Askøybrua – gjerde

Det skal settast opp nytt høgt gjerde på brua. Før gjerde kan setjast opp vert det gjort vedlikehald av brukassen i form av malearbeid. Kostnadane med nytt gjerde og vedlikehald av brukassen er førebels rekna til 40 mill. kr. Arbeidet startar opp hausten 2016. I 2017 er det behov for 29,3 mill. kr til å ferdigstille arbeidet.

Fv 161 Åsen – Helleskaret, Os

Det skal byggast 1,3 km ny vegstrekning med to felt som vert tilkomstveg frå Søvika/Helleskaret til den nye E39. Planen inneheld separat gang- og sykkelveg, kryss og ny tilkomstveg med fortau til bustadområdet Hellebakkane. Vegen vil avlaste noverande Fv 161 og Fv 163. Prosjektkostanden er stipulert til 61 mill. kr inklusive mva. Os kommune skal dekke 2/3 etter frådrag av mva (34,1 mill 2016-kr, som skal prisjusterast). Resten skal dekkast av Hordaland fylkeskommune. Det er inngått avtale med Os kommune om finansieringsplanen. I 2017 vert det sett av 20,4 mill. kr i fylkeskommunale midlar. Tilskotet frå Os kommune skal betalast ut i 2018.

Kart. Strekningsvis prosjekt



16-2516 grafisk.senter@vegvesen.no

2.2. Rassikring

Prosjekta på denne budsjettposten skal i hovudsak finansierast innanfor den statlege tilskotsordninga for rassikring av fylkesveggar. I notat frå Vegdirektoratet av 27. september 2013 er fylkeskommunen orientert om at det for planperioden 2014-2017 vert stilt til rådvelde statlege midlar til skredsikring av fylkesvegane. Hordaland har fått ei planleggingsramme på 308 mill. 2014-kr for perioden. Dei statlege midlane er netto tilskot. Fylkeskommunen løyver difor meirverdiavgift i tillegg. Dette får fylkeskommunen kompensert for i ettertid.

I 2017 står det att 11 mill. kr i statleg tilskot. Dette er ikkje tilstrekkeleg til å finansiere dei pågåande prosjekta. Fylkeskommunen må difor dekke totalt 56,3 mill. kr i 2017 med egne midlar. Alternativet er at fylkeskommunen forskoterer midlane no og får dette attende i neste planperiode, dvs. i Handlingsplanperioden 2018-2021.

Tabell 4. Prioriterte rassikringsprosjekt

| Fv. nr. | Prosjekt | Kommune | Statleg tilskot | Løyving | Budsjett 2017 |
|-----------------------|----------------------|------------|-----------------|---------------|---------------|
| 7 | Lussandberget | Granvin | 11 000 | 43 300 | 54 300 |
| 344 | Oddaneset/Markaneset | Vaksdal | | 4 000 | 4 000 |
| 551 | Furebergfossen | Kvinnherad | | 5 000 | 5 000 |
| | Diverse tiltak | | | 4 000 | 4 000 |
| SUM Rassikring | | | 11 000 | 56 300 | 67 300 |

Alle tal i 1000 kr.

Fv 7 Lussandberget, Granvin

Prosjektet omfattar bygging av ein tunnel på 1565 m med tunnelprofil T8,5, dvs 8,5 meter breidde, og ca 865 meter veg i dagen, herunder ei bru på 86 meter vest for Lussand. Det vert ikkje bygd gang- og sykkelveg gjennom tunnelen. Gang- og sykkelvegen vert på gamlevegen og denne vert stengt om vinteren. Prosjektet starta opp tidleg i 2015 og stod ferdig i november 2016. Sluttrekningar er venta i 2017. Fylkesrådmannen set av 54,3 mill. kr i 2017.

Fv 344 Oddaneset og Markaneset, Vaksdal

Tiltaket er å byggje stopp/snulommer og sikre betre trafikkavvikling på den strekningen det er mest skredfare. Dette ved utviding av vegbana, for å kunne møtast (unngå unødig stopp i rasområdet), og ved stopp/snulommer til bruk når raset er gått eller vegen er stengd grunna rasfare. Fylkestinget vedtok i juni 2016 å omdisponera 18 mill. kr til tiltaket. Arbeidet blir starta opp hausten 2016, og fullført våren 2017.


Fv 551 Fureberget bru, Kvinnherad

Skredpunktet Fureberget bru ligg øvst på skredsikringsbehovslista for fylkesvegane i Hordaland. Reguleringsplanen for tiltaket er venta ferdig i løpet av 2016. Det vert sett i gang prosjektering av tiltaket i 2017 med sikte på å gjennomføre tiltaket i 2018/2019. Samla kostand med tiltaket er førebels rekna til om lag 56 mill. 2016-kr.

Diverse mindre rassikringstiltak

Denne posten skal dekke kostnadene med sikring av mindre raspunkt på heile fylkesvegnettet i Hordaland. Ofte oppdagar ein mindre raspunkt når vegen vert rydda etter nedfall av stein på vegen. I tillegg kan det kome restkostnader knytt til ferdigbygde rassikringsprosjekt. Dette kan ordnast med små midlar. Det vert ført opp 4 mill.kr i 2017.

Kart. Rassikring



16-2516 grafisk.senter@vegvesen.no

2.3. Mindre utbetringar

Mindre utbetringar er prosjekt som ikkje direkte fell inn under nokon av dei andre programområda. Mange av desse prosjekta vil likevel ha positiv verknad for det som er definert under andre programområde. Det er fyrst og fremst mindre samarbeidsprosjekt med kommunar som prioriterast under Mindre utbetringar.

Rammene for dette programområdet er sett til 20 mill. kr fylkeskommunale midlar. I tillegg til denne løyvinga inngår nye kommunale tilskot på 1,5 mill. kr til prosjekt. Det er fleire av prosjekta der kommunane er byggherre, der dei fylkeskommunale løyvingane er tilskot til kommunane. Statens vegvesen skal følgje opp at kvaliteten og standarden på vegutbetringa vert i samsvar med gjeldane reguleringsplan og avtale.

Tabell 5. Prioriterte mindre utbetringstiltak 2017

| Fv. nr. | Prosjekt | Kommune | Løyving | Eksterne midlar | Budsjett 2017 |
|-------------------------------|--------------------|------------|---------------|-----------------|---------------|
| 229 | Nautnes bru | Øygarden | 4 000 | 1 000 | 5 000 |
| 48 | Hellandskrysset | Kvinnherad | 1 000 | | 1 000 |
| 201 | Eide-Spildepollen | Sund | 2 400 | | 2 400 |
| 107 | Jondal servicebygg | Jondal | 3 000 | | 3 000 |
| 565 | Fonnes | Austrheim | 4 500 | 500 | 5 000 |
| Div | Strakstiltak | Kvinnherad | 5 100 | | 5 100 |
| SUM Mindre utbetringar | | | 20 000 | 1 500 | 21 500 |

Alle tal i 1000 kr.

Fv 229 Nautnes bru, Øygarden

Brua over Nautnessundet er smal, og med berre eit kjørefelt. Krumminga på brua gjer at det ikkje er mogeleg å sjå bilane frå den eine sida til den andre. Dette fører med seg trafikkfarlege situasjonar. For å avbøte på dette, vert det sett opp trafikklys på begge sider av brua. I tillegg vert det noko utviding av vegen til oppstilling av bilar som ventar på grønt lys. Det vert og lagt opp til eit busstopp. Samla kostnad er førebels rekna til omlag 7,5 mill. kr. Prosjektering og grunnverv vert gjort i 2016 og bygging skjer i 2017. Øygarden kommune bidrar med 1 mill. kr.

Fv 48 Hellandskrysset, Kvinnherad

Hellandskrysset ligg på Husnes, og krysset vert oppfatta som trafikkfarleg. Kvinnherad kommune har søkt om å få nytte nokon av kompensasjonsmidlane dei har fått tilsegn om til utbetring av dette krysset (10 mill. kr.). Kvinnherad kommune ferdigstiller reguleringsplan for tiltaket i 2016. Det vert lagt til grunn at prosjektet i 2017 i sin heilskap vert finansiert med tilskot frå Kvinnherad kommune. Fylkeskommunen løyver meirverdiavgifta.

Fv 201 Eide–Spildepollen, Sund

Sund kommune har regulert området rundt Spildepollen til nytt bustadområde. Det skal og byggast ny skule. Kostnadane med vegutbetringa inkludert g/s-vegen er rekna til 37,7 mill. kr ekskl. mva. Sund kommune har forhandla fram at private kan bidra med 10 mill. kr. I tillegg bidreg kommunen med tilsvarande sum. Det er inngått avtale om at fylkeskommunen bidreg med 15 mill. kr over 3 år, dvs det vert ført opp 3,5 mill. kr i 2016 og resten vert delt mellom 2017 og 2018. Kommunen er byggherre for utbygginga sidan det skal etablerast nye vatn- og avlaupsleidningar mellom Eide og Spildepollen samstundes.

Kommunen har fremja forslag om å leggje gang- og sykkelveg samstundes med at kommunen no skal leggje nye vatn- og avlaupsleidningar frå Spildepollen til Kausland langs fylkesvegen. Dette er om lag 1 km. Dette vil sikre ein samanhengande gang- og sykkeltrase frå Fv 555 Eide og til Glesvær på Fv 201 og Telavåg på Fv 202. Det er planlagt ny barnehage og barneskule på denne strekningen som gjer at tiltaket vil få stor nytte. Skulen og barnehagen vil då verte ei erstatning for krinsane Glesvær og Telavåg som vert lagt ned. Kommunen har bedt om eit tilskot på 2,4 mill. kr.

Fylkesrådmannen legg opp til å auke tilskotet frå fylkeskommunen frå 15 mill. kr til totalt 19,4 mill. kr. Det vert sett opp 6 mill. kr i 2017 og resterande sum i 2018.

Fv 107 Jondal servicebygg, Jondal

Samstundes som ferjekaia vart utvida og det er bygd fleire oppstillingsplassar har kommunen planlagt utbetringar av uteareal og venterom. Det skal byggjast eit næringsareal i tilknytning til venterommet. Fylkeskommunen bidreg med 3 mill. kr som tilskot til prosjektet. Dette er i hovudsak tenkt å finansiere venterommet. Kommunen er byggherre for prosjektet og tek ansvar for eventuelle meirkostnader.

Fv 572 Fønnes, Austrheim

I samarbeid med Austrheim kommune om strakstiltak etter deira TS-plan er det no planlagt ei større utbetring ved Fønnes barne- og ungdomsskule enn planlagt i byggeprogrammet for 2016. Løysinga som er prosjektert inneber betre kollektivløysing og trafikksikring i form av gang- og sykkelveg. Totalkostnadane er rekna til 7,1 mill. kr. Det er difor naturleg å prioritere dette tiltaket under mindre utbetringar. Kommunen skal bidra med 0,5 mill. kr.

Strakstiltak i Kvinnherad

Kvinnherad kommune arbeider med fleire fylkesvegprosjekt som er tenkt finansierast delvis med kommunale, kompensasjons- og fylkesmidlar. Det er signalisert at fylkeskommunen kan bidra med total 10 mill. kr over 2017 og 2018 i tilskot til prosjekt kommunen er byggherre for. Prosjekta som kommunen kan prioritere er:

Fv 48 Lundssvingane, Kvinnherad

Kvinnherad kommune held på med prosjektering av ny veg forbi Lundsneset. Tiltaket er kostnadsrekna til 50 mill. kr. Kommunen går ut frå at løysinga kommunen no prosjekterer vil koste noko mindre enn dette. Arbeidet kan starte i 2017 og kommunen skal vere byggherre. Tiltaket skal i hovudsak finansierast med kompensasjonsmidlar. Det må skrivast ein finansieringsavtale der fylkeskommunen bidreg med tilskot.

Fv 48 Rosendal knutepunkt, Kvinnherad

Kvinnherad kommune prosjekterer no bussterminal på kaia i Rosendal. Kaien skal samstundes rustast opp. Kommunen skal være byggherre og det må avtalast eit tilskot knytt til bussløysingane på kaia.

Sunde ferjekai

Sunde kai fungerer i dag som kai for ekspressbåt, til mellom Anna Stord og Bergen og som beredskapskai for ferjesambandet Skjersholmane – Ranavik. Området er lagt til rette for ferjedrift, og ikkje til innfartsparkering og som kollektivknutepunkt. På sjølve kaiområdet er det i dag inga separering mellom mjuke trafikantar og bilar. Ein legg opp til ei tredelt utbygging. Det første byggetrinnet er primært eit trafikktryggleikstiltak og tilrettelegging for gåande og syklende. Fylkeskommunen bidreg med 1,5 mill. kr. til første byggetrinn.

Prioriterte prosjekt det kan verte inngått finansieringsavtalar for i 2017-2018


Fv 566 Espevoll næringsområde, Osterøy

Det er stilt rekkefølgekrav til utbygging av næringsområde ved Espevoll om å utbetre avkøyrse, parkering og gang- og sykkelveg på Fv 566. Tiltaket er kostnadsrekna til om lag 20 mill. kr (inkl. mva). Tiltaket vil sikre mjuketrafikantar som nyttar friluftsområdet og lysløype på motsett side av vegen. Dette området er eit viktig friluftsområde regionalt, difor er naturleg at fylkeskommunen bidrar med eit tilskot. Det må skrivast ein finansieringsavtale der eit fylkeskommunen bidreg med totalt 4 mill. kr i 2017 og 2018.

Fv 229 Skjold – Hellsøy, Øygarden

Øygarden kommune ønsker å få til eit spleiselag for å ruste opp Fv 229 mellom Skjold – Hellsøy. Tiltaket er regulert. Vegen er smal og det er aukande trafikkmengde. Dersom ein kjem fram til ei finansieringsavtale med kommunen er fylkesrådmannen positiv til å starte arbeidet i 2017.

Kart. Mindre utbetringar



16-2516 grafisk.senter@vegvesen.no

2.4. Programområde

Programområde er ei sams nemning for ulike tiltakstypar, og det er sett 80 mill. kr, med følgjande fordeling:

Tabell 6. Hovudoversikt programområde

| Fordeling programområde 2017 | | |
|------------------------------|---------------|---------------|
| | Løyving | Budsjett |
| Kollektiv | 19 400 | 19 400 |
| Trafikksikring | 20 400 | 20 400 |
| Gang- og sykkeltiltak | 13 000 | 13 000 |
| Miljøtiltak | 8 200 | 8 200 |
| Planlegging | 16 000 | 15 000 |
| Grunnerverv | 3 000 | 3 000 |
| Totalt | 80 000 | 80 000 |

For å sikre raskare framdrift av mindre tiltak under programområda og standardheving vert det foreslått at ein kan starte prosjektering i 2017, men at løyvinga til prosjektet kjem i byggeprogrammet for 2018. På denne måten kan ein sikre større fleksibilitet både i planlegging, prosjektering og gjennomføring av dei ulike tiltaka i programområda. I så tilfelle vert midlane gjort tilgjengeleg ved saldering mot eventuelt mindreforbruk på tiltak på programområda.

2.4.1. Kollektivtiltak

Det er stor trong for å utvikle og betre haldeplassar og knutepunkt i fylket. Særleg krav til universell utforming og mål om betre trafikktryggleik er viktige omsyn ved prioritering av tiltak. Spesielt viktig er haldeplass/ knutepunkt som er mykje brukt og der trafikktryggleiken er utsett. Skyss har vore delaktig i prioriteringane. Også kommunane og operatørar har fremja forslag om tiltak. I tillegg kjem kollektivtiltaka som høyrer innunder Askøypakken. For meir informasjon om knutepunkt i prosess vert det vist til Kollektivstrategien sitt handlingsprogram. Det er sett av 19,4 mill. kr. til kollektivtiltak i 2017.

Terminalar, venterom, knutepunkt, snuplass

Fv 546 Hufthamar ferjekai, Austevoll

I 2015 vart det sett av midlar til å ferdigprosjektare løysing for kollektivterminal på Hufthamar ferjekai. Terminalen inneber at det vert betre kopling buss/ferje/båt, og at bussane kan regulere her. Terminalen vart lyst ut i 2016, men slutføring og sluttrekninga er venta å kome i 2017.

Fv 546 Storebøportalen, Austevoll

Kommunen gjennomfører omregulering og det følger utenomhusplan for Storebøportalen. Det er sett opp til 0,2 mill. kr til å starte bygging av terminalen i 2017. Ferdigstilling er planlagt til 2018.

Fv 564 Stussvikhovda, Kvinnherad

Buss frå Kvinnherad, Tysnes og Fusa snur på Stussvikhovda, og passasjerane byter buss. Det vert sett av midlar til prosjektering av snuplass for buss med haldeplass i fylkesvegen i 2017.

Fv 62 Landa (Halsnøy), Kvinnherad

Dagens snusløyfe som vert nytta av bussar er på privat grunn. Det er behov for å erverve grunnen og gjere nokre utbetringar på sløyfa.

Fv 404 Feste kai, Lindås

Det er for dårleg plass til å snu buss på Feste kai. Dette fører til at bussen må rygge og det oppstår farlege situasjonar. Det vart prosjektert ein snuplass eit stykkje aust for kaien i 2016 med sikte på bygging i 2017.

Fv 47 Ekrene, Sveio

Det er behov for å etablere busstopp med snusløyfe. Det er behov for prosjekteringsmidlar i 2017.

Fv 310 Riovegaskiftet, Voss

Det er behov for å etablere ei ny snusløyfe ved Riovegaskiftet. Elevar frå Bordalen vert skyssa til Gjernes skule. Arealet som bussane no nyttar til å snu er på privat grunn og skal tilbakeførast som dyrka mark. Det er difor naudsynt å etablere ei permanent løysing.

Fv 651 Stegavika, Øygarden

Det er behov for å betre svingbevegelse og såleis siktilhøva for bussen ved køyring frå snusløyfa og inn i hovudvegen. Dette kan løysast ved til dømes å flytte fortauet lengre ut i snusløfa. Det vert sett av midlar til prosjektering og byggestart i 2017.

Oppgradering av haldeplassar

Fv 153 Tarang Aust, Austevoll

Det er behov for å transportere elevar med buss etter at skulen vart lagt ned. Dette gjer at ventearealet på haldeplassen må utvidast, samt at det etablerast busskur. Haldeplassen bør flyttast nærare nytt kryss, som er under prosjektering. Nagla AS, som prosjekterer det nye krysset, kan og prosjektere ny haldeplass.

Fv 546 Storebø sentrum, Austevoll

Det skal gjerast ein del trafikksikringstiltak i Storebø sentrum. Samstundes bør det då prioriterast å utbetre haldeplassen i sørgåande retning. Her står det om lag 40 elevar som ventar på skulebussen.

Fv 546 Austevollhella byggefelt, retning vest, Austevoll

Det er behov for å bygge ein gangforbinding frå Fv 153 til haldeplassen på Fv 546. Dette for å hindre at elevar går via rundkøyringa i krysset. Haldeplassen vert samtidig oppgradert.

Fv 561 Avkjørsel mot Solsvik, Fjell

Av omsyn til trafikksikkerleiken nyttar ikkje bussjåførane den nye haldeplassen som privat utbyggar har etablert inne i ny avkjørsel frå Øvre Elvebakken og ut i Fv 561. Her er fartsgrensa 80 km/t og det er dårleg sikt. Det er behov for å sperre av den nye haldeplassen og etablere nye haldeplassar langs fylkesvegen.

Fv 48 Rosendal Fjordhotell, Kvinnherad

I nordgåande retning er det behov for ny haldeplass, men det har ikkje vore råd å få grunn til verken busslomme eller kantstopp. Tiltaket vil i tillegg vere eit godt supplement til TS tiltak for å dempe farten i området.

Fv 48 Vatne, Lindås

Haldeplass i nordgåande retning vert m.a. nytta av elever til Austrheim vgs. og av pendlarar til Mongstad. Det er sett av midlar til å bygge perrong med leskur, i eksisterande haldeplass.

Fv 394 Strandavegen, Lindås

Busshaldeplass som trafikkerast av skuleungar. Skal etablerast busskur, men haldeplassen må utvidast før busskur kan komme på plass.

Fv 567 Ved avkj. Røsland, Osterøy

Haldeplassen i retning Lonevåg ligg på bakketopp og skulebarn kryssar veggen her. Det er behov for å flytte haldeplassen. Det vert sett av midlar til prosjektering i 2017 og bygging i 2018.

Fv 7 Grasdalen, Samnanger

Det er stor skilnad på vegdekke i vegbana og i busslomma som gjer at bussane ikkje vil køyre inn i lomma. Det skaper trafikksikre situasjonar. Det vert sett av midlar til å utbetre busslomma i 2017.

Fv 61 Hagastølen/Øklandvegen, Stord

Det er behov for å sette opp busskur og utbetre busslomma som manglar kanstein/armeringsjerna stikk ut. Det er søkt sykkelbymidlar for å utvide fortauet fram til Rommetveit skule. Det vert sett av midlar til utbetringane i 2017.

Fv 67 Gamle Stuva skule, Stord

Busstopp ligg på bakketopp og har dårleg sikt. Det er behov for å flytte busslomma. Innspel etter TS- inspeksjon.

Fv 5 Urhaugtunet, Sveio

Bussen stoppar for skuleborn sjølv om det ikkje er skilta som busslomme. Det er mange elevar som nyttar stoppet, etter skulenedlegginga. Det er behov for skilt og bussskur. Det vert sett av midlar til dette i 2017.

Fv 47 Rophus/Ekrene, Sveio

Det er mange skuleborn som tek buss til skulen, og det er behov for å skifta ut små, gamle tømmerstur til større skur, samt å sette opp sykkelparkering. Det vert sett av midlar til bygging i 2017.

Fv 541 Gullvegen, Sveio

Det er fleire skulebarn som ventar på bussen ved Gullvegen. Det er behov for å sette opp bussskur.

Fv 569 Eidslandet, Vaksdal

Busshaldeplassen står ved ei rasfarleg punkt, vegen er flytta grunna dette. Haldeplass med bussskur må flyttast til sikkert område.

Fv 229 Nordre Sæle, Øygarden

Det går ikkje lenger buss på Fv 232 til Sæle. Betongskur som står der kan flyttast til Fv 229 ved Nordre Sæle.

Fv 561 Avkjørsel Rongesundvegen, Øygarden

Det er behov for betre tilrettelegging på ein haldeplass med mange passasjerar, av dei mange skuleungar. På denne vêtutsette haldeplassen er det to skur av gamal type i dag. Det er behov for å sette opp ekstra skur som gir godt skydd mot vêt og vind. I tillegg bør haldeplassen oppgraderast med ny kantstein.

Bussskur

Det vert sett av ein diversepost til å oppgradere haldeplassar og setje opp bussskur på haldeplassar som manglar skur.

Aktuelle prosjekt som kan setjast i gang i 2017**Rv 13 Smelteverkstomten, Odda**

Det er planlagt kollektivknutepunkt på Smelteverkstomta i Odda. Det er behov for å flytte plasseringa av dagens busstasjon til dette området. Det vert sett av midlar til prosjektering i 2017.

Fv 365 Valestrand kai – snusløyfe, Osterøy

Her det for smalt for bussen å kunne snu. Dette fører til at bussene må rygge, spesielt når det står bilar på kaien. Det er reguleringsplan under utarbeiding med sikte på å utvide snuplassarealet. Det vert sett av midlar til prosjektering i 2017.

Fv 48 Herøysund, retn. Husnes, Kvinnherad

Det er ikkje venteareal for kollektivreisande. Det er og til dårleg sikt for bilar som køyrer forbi bussen. Her må det etablerast ei busslomme med bussskur. Tiltaket må sjåast i samheng med planarbeid i området.

Fv 551 Sundal, Kvinnherad

Det er behov for bussskur med plattform.


Fv 391 Leiknes skule, Lindås

Det er behov for å oppgradere haldeplassar ved Leiknes skule. Det er regulert ei ny løysing. Det vert sett av midlar til prosjektering i 2017 og bygging i 2018.

Fv 567 Valestrandsfossen, Osterøy

Det er behov for å bygge eit nytt busstopp som kan nyttast av elevar til Valestrand barneskule og Danielsen ungdomskule. Det vert sett av midlar til prosjektering i 2017 og bygging i 2018.

Kart. Kollektivtiltak



16-2516 grafisk.senter@vegvesen.no

2.4.2 Trafikksikring

I Nasjonal Transportplan 2014-2023 (NTP) og Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland (2014-2017) er nullvisjonen lagt til grunn for trafikksikringsarbeidet. Det er særleg fokus på reduksjon i drepne og hardt skadde. Det er sett av 20,4 mill. kr. til kollektivtiltak i 2017.

Tiltak etter trafikksikringsinspeksjon

Fv 67 Lønning-Snikkarsvingen, Stord

Det er gjort ein TS-inspeksjon av strekningen mellom Lønning og Snikkarsvingen. I tillegg til det som har kome fram under inspeksjon, har Stord kommune denne vegstrekkinga høgt på sine prioriteringar i høve tiltak/utbetringar. Det vert sett av midlar til å utbetre trafiktryggleiken på strekningen.

Fartsregulering (inkl sikt-/ skiltutbetring)

Fv 130 Tolomarka, Kvam

Bustadområdet i Tolomarka i Norheimsund har tilkomst via Fv 130. Vegen er smal med mange private tilkomstar og manglande skilje mellom køyretøy og mjuke trafikantar. Fart er målt og er for høg til at vegen er trygg for dei gåande. Det er behov for at fartsgrensa vert senka frå 50 km/t til 30 km/t og det vert bygd fartsdempande tiltak.

Fv 561 Spjeld-Ågotnes, Fjell

Delstrekning på Fv 561 der det er målt høgt fartsnivå. Det er også registrert fleire ulykker på strekningen.

Fv 397 Eikangervåg, Lindås

Smal veg utan fortau/gang- og sykkelveg. Behov for å senka fartsnivået for å gje betre sikring for mjuke trafikantar.

Fv 7 Granvin sentrum, Granvin

Under arbeide med støytbetring og fjerning av brostein, vart farthump mellom skulen og brua i sentrum fjerna, og oppramping/nedramping mellom gjestgivarstad og heradshus fjerna. Tiltaket vert å bygge opp at fartsdempande tiltak.

Sikring av kryssingspunkt

Fv 34 Etne, Etne

Gangfelta over Fv 34 og kommuneveg i Etne sentrum er ein del av skulevegen for mange born ved Etne skule. Her var det ein alvorleg nestenulukke i 2015. Etter observasjonar og registreringar har ein kome fram til at beste løysinga er å fjerne gangfeltet over kommunevegen, og lede skulevegen via gangfeltet over Fv 34. For å få til dette må det byggjast eit fortau på om lag 50 meter.

Fv 552 Heiane-Eikebakken, Fusa

Det er mange som kryssar over fylkesveg 552 ved busshaldeplassane til bustadområdet ved Eikebakken i Eikelandsosen. Fartsgrensa er 50 km/t, men fartsnivået er for høgt til at kryssinga er trygg. Tiltaket vert å byggje ei tilrettelagt kryssingspunkt eller heva gangfelt med intensivbelysning.

Fv 49 Norheimsund, Kvam

I kryss mellom Fv 7 og Fv 49 i Norheimsund sentrum kryssar gangvegen over Fv 49. Gangvegen er mellom anna mykje nytta som skuleveg. Det er gangfelt ved denne kryssinga, men trafikkbiletet kan vere vanskeleg med kryss og inn/utkøyring frå bensinstasjonen rett ved gangfeltet. Det er og dårleg sikt inn mot sentrum, der ein fjellknaus sperrar for sikt i innerkurva på Fv 49. I tråd med Kvam kommune sine ynskjer, vert tiltaket å trygge kryssinga med heva gangfelt og intensivbelysning. Ein vil og sjå på om det er mogleg å utbetre sikt i retning sentrum.

Fv 49/550 Tørvikbygd, Kvam

Gangvegen frå bustadområdet Fagervik kryssar fylkesvegen som går ned til Tørvikbygd ferjekai. Dette er mellom anna skulevegen til Tørvikbygd skule. Nokre trafikantar som skal med ferga har det travelt, og de mjuka trafikantane føler seg ikkje trygge når dei kryssar vegen. Tiltaket vert å byggje ein tilrettelagt kryssingspunkt med intensivbelysning, og kanalisering i krysset opp mot Fv 49.

Fv 48 Rosendal, Kvinnherad

Ved Plassaneset i Rosendal kryssar gangvegen Fv 48 rett før fartsgrensa vert heva til 60 km/t. Det er registrert høg fart i gangfeltet. Tiltaket vert å sikre rett fartsnivå og byggja intensivbelysning.

Fv 550 Odda-Eitrheim (Egne hjem), Odda

Det er bygd eit heva gangfelt over Fv 550 ved Egne Hjem i Odda. Dei nærmaste bebuarane klagar på støy og vibrasjonar. Det er målt døgntrafikk på meir enn 5000 køyretøy, så det er truleg ein viss belastning for dei som bur i nærleiken av fartshumpa. Tiltaket vert å byggje om til ein anna type fartsdempar og vurdera ein lågare fartsgrense.

Fv 7 Bjelkarvika, Samnanger

Det er om lag 10 skuleelevar frå Bjelkarvika bustadområdet som må krysse Fv 7 rett sør for Bjørkheim. For at dei skal få ein trygg skuleveg, bygger vi ein tilrettelagt kryssingspunkt med intensivbelysning. Fartsnivået skal målast, og det kan verte aktuelt med fartsdempande tiltak.

Fv 7 Bjørkheim, Samnanger

Det er set krav til planfri kryssing ved Fv 7 ved Bjørkheim i Samnanger. I påvente av denne vart det bygd eit heva gangfelt i eksisterande 50 km/t sone. Det har vore mange klagar på humpen, som er bygd som ein trapshump. Tiltaket vert å vurdera ei lågare fartsgrense, og / eller ein modifisert sirkelhump.

Fv 569 Stamnes skule, Vaksdal

Det vert senka fartsgrense 30 km/t i Stamnes sentrum, med fartsdempande tiltak. Det vert og fartsdempande tiltak ved Stamnes skule.

Fv 552 Os sentrum, Os

Høg trafikk og uoversiktlige kryssingspunkt der det har skjedd ulykker med personskade. Behov for å forsterke gangaksen mot sentrum for å gje betre sikring for mjuke trafikantar.

Fv 546/153 Bekkjarvik, Austevoll

Det er mange gåande som kryssar vegen nær Bekkjarvik skule og i sentrum av Bekkjarvik. Tiltaket er etablering av ein fartshumpar og heva gangfelt, samt at fartsgrensa vert redusert til 30 km/t.

Fv 546 Storebø sentrum, Austevoll

Mange gåande kryssar vegen i nærleiken av Storebø skule. I tillegg er det mange som kryssar til og frå Storebø senter. Tiltaket er humpar og heva gangfelt, samt redusert fartsgrense frå 50 til 40 km/t.

Fv 212 Idrettsområde Strusshamn, Askøy

Dette er eit kryssingspunkt med så mange kryssingar at det er trong for merking av gangfelt og tiltak som dempar farten. Sidan det er både idrettsanlegg og ein barnehage i nærleiken, er det mange born som kryssar fylkesvegen. Det er også trong for mindre justeringar av fortauet.

Fv 61 Haga, Stord

Gangfelt med mange kryssingar. Hovudkryssing for gåande og syklende i særst tettbygd strok. Skuleveg og veg til fritidsaktivitetar for mange born i området.

Fv 216 Øvre Kleppevegen, Askøy

For høgt fartsnivå på strekningen forbi Kleppstø barneskule og ungdomsskule. Behov for å senka fartsnivået med fartsdempande tiltak ved tre kryssingspunkt/gangfelt.

Siderekkverk**Fv 550 Herand – Solesnes, Jondal**

På strekningen Herand til Solenes er det gjennomgåande lavt murrekkverk med høgde under 50 cm. Her er det eit stort behov for å sikre betre mot alvorlege utforkøyringsulukker.


Utbetring av ulukkespunkt

Ved trafikkulukker er det ofte behov for raske utbetringstiltak. Det vert difor sett av ein diversepost til kan nytast ved slike høve.

Andre utbetringar på veg

Dei kommunale trafikksikringsplanane er svært viktige verktøy for fylkeskommunen og Statens vegvesen når det gjeld prioritering av trafikksikringstiltak på fylkesvegnettet. Dei fleste av kommunane reviderer jamleg dei kommunale trafikksikringsplanane. I desse planane er det ofte lista opp mindre trafikksikringstiltak som er definerte som strakstiltak. Variasjonen er stor, men dei fleste tiltaka er utbetring av kryss, sikring av busshaldplassar, sikring av kryssingspunkt, fartsdemping, vegljøs, betring av sikttilhøve, fjerning av farlege sidehinder, korte strekk med fortau og skilting. Dette er tiltak som både gjev god sikring, men også fører til auka tryggleik. Fleire av trafikksikringstiltaka som er foreslått utført i 2017 er i samsvarar med prioriteringar i kommunale trafikksikringsplanar. Gjennom Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) si tilskotsordning «Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak» vert det også gjennomført fysiske trafikksikringstiltak i regi av kommunane sjølv.

Kart. Trafikksikringstiltak



16-2516 grafisk.senter@vegvesen.no

2.4.3 Gang- og sykkeltiltak

Det er stor trong for gang- og sykkeltiltak. Små og mellomstore gang- og sykkeltiltak vert prioritert innafor programposten. Større og samansette tiltak må prioriterast som sjølvstendige prosjekt. Gang- og sykkeltiltak er arealkrevjande utanfor eksisterande veg, og det kan være utfordrande å avklare slike prosjekt sjølv om det er små prosjekt. Det er ofte trong for reguleringsplan. Skal ein fyrst lage reguleringsplan er det hensiktsmessig å ta med ei større strekning for å sikre areal for framtida, noko som skapar forventningar om at det skal nyttast meir midlar enn det er dekning for på programområda. Det er difor krevjande å prioritere dei «riktige» tiltak under denne programposten.

Målsetjingar i Regional transportplan 2013-2024 vert vektlagde:

- Samanhengande gang- og sykkelvegnett i byar og tettstader over 5 000 innbyggjarar.
- Betre og meir samanhengande gang- og sykkelveggar rundt skular og andre målpunkt for barn og unge.

Tiltak som er høgt prioriterte i kommunale trafikksikringsplanar, eller inngår i overordna sykkelruter vert høgt prioriterte.

Tabell 7. Prioriterte gang- og sykkeltiltak

| Fv. nr. | Prosjekt | Kommune | Budsjett 2017 |
|----------------------------------|-------------------------------|-----------|---------------|
| 23 | Sortland sentrum, Tverråna | Bømlo | |
| 61 | Skrivarvegen | Stord | |
| 311 | Gjernesvegen | Voss | |
| 7 | Rekkverk Tysse-Frøland | Samnanger | |
| 137 | Hatvikvegen-Vallabrua | Os | |
| | Diverse gang- og sykkeltiltak | | |
| SUM Gang- og sykkelveggar | | | 13 000 |

Alle tal i 1000 kr.

Fv 23 Sortland sentrum, Tverråna, Bømlo

Dette er eit prosjekt som har fått tilsegn om statlege sykkelmidlar. Fylkeskommunen skal bidra med 50 % av kostnadane. Prosjektet kjem til gjennomføring i 2017, og det må setjast av midlar.

Fv 61 Skrivarvegen, Stord

Prosjektet er arbeida fram av sykkelbyen Stord og prosjekt som har fått tilsegn om statlege sykkelmidlar. Det er gitt tilsegn om 5,5 mill. kr i statlege sykkelmidlar. Fylkeskommunen er forplikta til å bidra med 50 % av kostnadane. Det skal byggast fortau på strekninga. Tiltaket er no prosjektert og kostnadsrekna til 17,1 mill. kr. Det er difor behov for å auke det fylkeskommunale bidraget med vel 6 mill. kr. Kostnadsauken på dette prosjektet har vore stort. Fylkeskommunen sitt bidrag til dette sykkeltiltaket på Stord må reknast frå det fylkeskommunale bidraget til ein eventuell framtidig Stordpakke.

Fv 311 Gjernesvegen, Voss

Dagens tilbod langs Fv 211 Gjernesvegen er dårleg. Fortauet er smalt og det lar seg ikkje brøyte på vinterstid med maskiner. Konsekvensen er at folk går i vegbana, noko som skapar trafikkfarlege situasjonar. Tiltaket inneber ombygging av fortauet med breiddeutviding og rekkverk mot elva. Tiltaket vil koste 3 mill. kr. Det er søkt om 1,5 mill. kr i statleg tilskot. Fylkeskommunen har forplikta seg til å bidra med 50 % kostnadane.

Fv 7 Rekkverk Tysse-Frøland, Samnanger

Det er behov for å montere bakskinner på rekkverket. Syklistar kjem i mykje større fart enn føresett ved bygginga av gang- og sykkelvegen og ei ulukke her kan bli svært alvorleg.

Fv 137 Hatvikvegen-Vallabrua, Os

Stort behov for tiltak på ei strekke på vel 900 m frå Fv 552 Hatvikvegen og fram til Valle bru på Fv 137 i Hegglandsdalen. Os er eit regionsenter og det ein tettstad på meir enn 5000 innbyggjarar og det er ønskeleg å stimulere til at fleire vel å gå eller sykle. Det vert sett av midlar til prosjektering og oppstart i 2017.

Aktuelle prosjekt som kan settast i gang i 2017


Fv 61 Skrivarvegen II, Stord

Prosjektet Sykkelbyen Stord har utarbeida søknad om statlege midlar til å fullføre gang- og sykkelveg på Skrivarvegen. Søknaden er sendt av fylkeskommunen. Tiltaket vil koste totalt 7 mill. kr. Det er søkt om statleg tilskot på 3,5 mill. kr. Fylkeskommunen har forplikta seg til å bidra med 50 % kostnadene.

Fv 61 Rommetveit, Stord

Prosjektet Sykkelbyen Stord har søkt om statlege midlar til gang- og sykkelveg på Fv 61 Rommetveit. Tilbodet til gåande og syklande er mangelfullt. Tiltaket vil koste totalt 5,5 mill. kr. Det er søkt om statleg tilskot på 2,75 mill. kr. Fylkeskommunen har forplikta seg til å bidra med 50 % kostnadene.

Kart. Gang- og sykkeltiltak



2.4.4 Miljøtiltak

Dette programområdet omfattar diverse miljøtiltak som opprusting av miljøgater, rasteplasser og støydempende tiltak langs sterkt trafikkerte vegar. Forureiningslova krev tiltak når vegstøyen fører til at støynivået inn er over 42 dBa. Arbeidet med Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 og tilhøyrande tiltaksprogram kjem og inn under dette programområdet.

Tabell 8. Prioriterte miljøtiltak 2017

| Fv. nr. | Prosjekt | Kommune | Budsjett 2017 |
|------------------------|----------------------|---------|---------------|
| 210/211 | Angeltveitvassdraget | Fjell | |
| 541 | Vågeelva | Sveio | |
| 541 | Grutlebekken | Bømlo | |
| 7 | Kryss Granvin | Granvin | |
| | Diverse miljøtiltak | | |
| SUM Miljøtiltak | | | 8 200 |

Alle tal i 1000 kr.

Fv 210/211 Angeltveitvassdraget, Fjell kommune

Dette er eit tiltak etter vassforskrifta. Det er to elvekryssingar under veg der begge kulverter vert klassifisert som vandringshinder for sjøaure. Kulverten er over 10m lang med låg vassdjupne og høg gjennomstrøymingsfart ved normal vasstand. Tiltaket er å heve vasspeilet i nedstraums kulvertløp.

Fv 541 Vågeelva, Sveio

Dette er eit tiltak etter vassforskrifta. Det er behov for å utbetre ein røyrkulvert under fylkesvegen slik at sjøaure kan vandre opp Vågeelva. Tiltaket er å heve vasspeilet i nedstraums kulvertløp. Det vert sett av midlar til oppstart i 2017 og fullføring i 2018.

Fv Grutlebekken, Bømlo

Det er behov for å utbetre ein røyrkulvert under fylkesvegen slik at sjøaure kan vandre opp Grutlebekken. Tiltaket er å heve vasspeilet i nedstraums kulvertløp. Det vert sett av midlar til oppstart i 2017 og fullføring i 2018.


Fv 7/Rv 13 Kryss Granvin

I 2016 vert det prioritert 2 mill. kr til å ta i mot massar til å lage fylling ved krysset mellom rv. 13 og Fv 7 i Granvin. Det skal leggast til rette for å sette opp informasjonstavler for vegfarande. Grunneverv tok tid og tiltaket kjem til gjennomføring i 2017.

Diverse miljøtiltak

Det er behov for å sette av ein mindre sum til å prosjektere tiltak etter regional vannforvaltningsplan som kan gjennomførast i 2018.

Kart. Miljøtiltak



16-2516 grafisk.senter@vegvesen.no

2.5 Grunnerverv

Fylkesutvalet vedtok i møte den 25. august 2010, sak nr 165/10, retningslinjer for innløsning av bustader i framtidige fylkesvegtrasear. Dette er ei ordning der eigarar av bustaden kan krevje innløsning av eigendomen til marknadsverdi etter gitte reglar. Kostnadane som vert ført her er før det er oppretta eige tiltak for prosjektet der bustaden ligg.

Det er behov for å sette av ein sum til grunnerverv. Ofte tek det lang tid før endeleg oppgjer for grunnerverv vert oppgjort etter at ein er ferdig prosjekt på vegnettet. I einiske tilfelle kan det ta fleire år etter eit tiltak er ferdig, før prosessen med oppgjeret for grunnerverv vert avslutta. Midlane skal nyttast til dette føremålet. For 2017 vert det foreslått å budsjettere med i alt 3 mill. kr til ovannemnde tiltak.

Tabell 9. Grunnerverv 2017

| Fv. nr. | Prosjekt | Kommune | Budsjett 2017 |
|------------------------|-------------|---------|---------------|
| | Grunnerverv | Fleire | |
| SUM Grunnerverv | | | 3 000 |

Alle tal i 1000 kr.

2.5 Standardhevingstiltak

I forslaget til Regional Transportplan og Økonomiplanen 2017 – 2020 er det ført opp ein budsjettpost til standardheving. Bakgrunnen er å stoppe forfallet på fylkesvegnettet.

Ved prioritering av tiltaka er det lagt til grunn følgjande føringar:

- Gjennomføre dei standardhevingsprosjekta som alt er starta opp
- Trafikksikre og oppretthalde framkomsten på vegnettet
- Opprusting av tunellar over 500 m. i samsvar med Tunnelsikkerhetsforskriften
- Opprusting av tunellar med ex-kablar, lys, nødtelefon, PE-skum, vannsikring, reinsk
- Opprusting av bruer, murar, kantar, grøfter mv
- Gjennomføre endringar i skilting og andre naudsynte opprustingstiltak

I forslaget til 2017-budsjett er det sett av 160 mill. kr til standardhevingstiltak. Dette skal i hovudsak gå til opprusting og fornying av fylkesvegnettet, og opprusting av tunnar etter forskrift om tunnelsikkerheit. Sjølv om behovet er stort, har ein tilpassa tiltaka til den økonomiske råma som er stilt til disposisjon. For å få mest mulig nytte av midlane er det naudsynt å prioritere enkeltvegar/strekningar med noko større summar, då kostnadene ved å flytte maskiner og rigge eit prosjekt vert forholdsvis stor når ein set av små summar.

For 2017 vert det foreslått å nytte midlane til følgjande tiltak:

Tabell 10. Fordeling av standardhevings-/investeringstiltak med vedlikehaldskaraktar

| Fordeling standardhevingstiltak | |
|--|----------------|
| Bruer og ferjekaiar | 54 000 |
| Tunellar | 48 600 |
| Murar, kantar, div tiltak | 57 400 |
| Totalt | 160 000 |

Alle tal i 1000 kr.

Tabell 11. Standardheving 2017

| Fv. nr. | Prosjekt | Kommune | Budsjett 2017 |
|------------------------------------|--|----------------|---------------|
| Bruer og ferjekaiar | | | |
| 382 | Matredalen | Masfjorden | |
| 7 | Hjartå II | Kvam | |
| 48 | Handaland bru, utviding av kurve + rekkverk | Kvinnherad | |
| 585 | Kalfaret | Bergen | |
| 362 | Revheim | Osterøy | |
| 565 | Alverstraumen | Lindås | |
| 542 | Bømlabrua | Bømlo | |
| 7 | Kjellerbruene Øystese sentrum | Kvam | |
| 546 | Hufthamar Fk | Austevoll | |
| 200 | Tofterøy | Sund | |
| 223 | Herdlesundet | Askøy | |
| 34 | Tendal | Etne | |
| Tunnelar | | | |
| 563 | Florvågtunnelen | Askøy | |
| 564 | Rantentunnelen | Bergen | |
| 585 | Rothaugentunnelen | Bergen | |
| 57 | Furubergtunnelen | Lindås | |
| 540 | Løvestakktunnelen | Bergen | |
| 207 | Bjørøytunnelen | Fjell | |
| 57 | Lyngfjelltunnelen | Lindås | |
| 7 | Liarostunnelen | Samnanger | |
| 7 | Hagaåstunnelen | Samnanger | |
| Div | Portalar tunellar (Folgefo., Svoldalst., Ædat., Monsat., Jonat., Furebergt., Eitrheim) | Fleire | |
| Vegutbetring, murar, kantar | | | |
| Div | Rekkverk | Fleire | |
| 100/48/551/550/40 | Diverse rekkverk Voss og Hardanger | Fleire | |
| Div | Stikkrenner, grøfter | Fleire | |
| Div | Forkjørsrett på overordna vegnett | Bergensområdet | |
| Div | Visningsskilt | Fleire | |
| 48 | Løfallstrand | Kvinnherad | |
| 313 | Brekhuslia og Ormaset | Voss | |
| 312 | Bulken | Voss | |
| 309 | Nesheimstunet | Voss | |
| 131 | Fykkesund-Porsmyr | Kvam | |
| 344 | Bergo og Fosse | Vaksdal | |
| Div | Forsterking av div fv. | Voss | |
| 314 | Hamlagrø -Dale | Vaksdal | |

| | | | |
|---------------------------|---|------------|----------------|
| 409/565 | Manger | Radøy | |
| 379 | Krossleitet - Kalhovda | Masfjorden | |
| 404 | Feste kai | Lindås | |
| 48 | Fleire strekningar Fusa/Kvam | Fusa/Kvam | |
| 49 | Tørvikbygd/Eidevik | Kvam | |
| 78 | Skaten | Tysnes | |
| 550 | Aga - Kråkevik | Ullensvang | |
| Div | Fleire vegar Osterøy, Austevoll, Os, Bergen | Fleire | |
| Div | Fleire vegar Øygarden, Fjell, Sund, Askøy | Fleire | |
| SUM Standardheving | | | 160 000 |

2.5.1 Bruer og kaiar

Mange av bruene på fylkesvegane har behov for opprusting. På Fv 7 på Kvamskogen er kulverten for Hjartå II er sers dårleg og denne vil bli erstatta i 2017. Det vert og lagt opp til å starte å skifte ut bruene på Fv 585 Kalfaret II, Fv 362 Revheim og Fv 382 Matredalen. Arbeidet vert ferdig i 2018. Det er planlagt å starte mindre utbetringar av Fv 34 Tendal, Fv 223 Herdlesundet, Fv 48 Handaland bru, Fv 565 Alverstraumen bru, Fv 542 Bømlabrua i 2017. I tillegg er det nausynt å ruste opp kjellerbruer i Øystese. Det vert sett av midlar til utbetre kaiane på Tofterøy og Hufthamar.

2.5.2 Tunellar

Tunnelsikkerhetsforskriften for fylkesvegane vart gjort gjeldande frå 2015. I Hordaland er det 32 tunellar over 500m med trafikk på meir enn 300 køyretøy pr døgn. Statens vegvesen Region vest er i gang med å kartlegge kva tiltak vi må sette i verk for å oppfylle krava i forskrifta.

Behovet for å ruste opp tunellane er stort. Det er behov for å skifte ut ex-kablar, lysarmatur, brannventilasjon, nødtelefonar, styring av ventilasjon og signallys. Det er og behov for å sikre tunellane mot nedfall ved reinske og bolting av lause parti. Det er og nausynt med utskifting og tildekking av vass- og sikringsplater (PE-skum).

Det vert også planlagt å fullføre oppgraderingane Lyngfjelltunnelen i Lindås kommune med nye lys, styringsystem og kommunikasjon. Det same vil verte gjort i Bjørøytunnelen. På Fv 7 vert arbeidet med opprusting av Hagaås og Liaros tunellane fullført. I tillegg vil ein starte med prosjektering av Rantentunnelen, Rotenhaug-tunnelen og Løvestakktunnelen i Bergen kommune. Det vert også starta prosjektering av utbetringar i Fureberg-tunnelen og Florvåg-tunnelen. I tillegg vert det sett av midlar til diverse opprusting av portalar.

2.5.3 Vegutbetring

Det er stor trong for utbetring av murar og kantar for at vegar ikkje skal skli ut. Det er og viktig å utbetre grøfter og stikkrenner slik at vatnet vert drenert bort frå vegkroppen. Det vert foreslått å nytte i alt 57,4 mill. kr til desse formåla i 2017.


Det er laga ein plan for sikring og rydding av kryss på fylkesvegane som får forkøyrsskilting. Samla er desse kostnadane rekna til omlag 25 mill. kr. Dette arbeidet starte opp i 2016. Det vert sett av 4 mill. kr til dette i 2017.

Mykje av fylkesvegnettet har dårleg rekkverk mot utforkøyring. Mange stader er det gamle mur-rekkverket så lågt at det ikkje oppfyller funksjonen sin og mange stader er det ikkje rekkverk. I 2016 vert det lagt opp til å skifte ut/sette opp nytt rekkverk på nokre strekningene. Ein reknar med å nytte omlag 5,8 mill. kr til rekkverk. Elles er det mange mindre tiltak med utbetring av murar og kantar, fjellsikring i skjeringar, skifting av stikkrenner.

Det er foreslått strekningsvise utbetringstiltak på det overordna fylkesvegnettet. Det vert sett av midlar under planprogrammet til å planlegge tiltak. Når det er avklart kva tiltak som skal prioriterast, så kan ein kome i gang med prosjektering i 2017 og bygging i 2018.

Prosjektet på Fv 550 Aga-Kråkevik er flytta til standardheving i budsjettet for 2017. Tiltaket kom ikkje i gong i 2016 då Fv 550 vart nytta som omkøyringsveg ved stengingar knytt til vegprosjektet Rv 13 Deildo. Det er gjort ein trafikkisikringsinspeksjon av strekningen. Med mindre avbøtande tiltak kan ein trygge vegen noko. Samla kostnad med diverse tiltak er rekna til 8 mill. kr. Ut frå dette kan desse tiltaka utførast over to budsjettår, og det vert lagt fram forslag om å setje av 4 mill. kr i 2017 og 4 mill. kr i 2018-budsjettet. Det vert og satt av midlar til å utbetre Fv 404 samstundes med at ein bygger snusløyfe på Feste kai. Dette for å nytte overskotsmassar til å bygge møteplassar og utvide vegen.

Kart. Standardheving



Bruer og ferjekaier

| | | |
|-----|---------|---|
| 1. | Fv. 382 | Matredalen |
| 2. | Fv. 7 | Hjartåll |
| 3. | Fv. 48 | Handaland bru, utviding av kurve + rekkverk |
| 4. | Fv. 585 | Kalfaret |
| 5. | Fv. 362 | Revheim |
| 6. | Fv. 565 | Alverstraumen |
| 7. | Fv. 542 | Bømlabrau |
| 8. | Fv. 7 | Kjellerbruene Øystese sentrum |
| 9. | Fv. 546 | HufthamarFk |
| 10. | Fv. 200 | Tofterøy |
| 11. | Fv. 223 | Herdlesundet |
| 12. | Fv. 34 | Tendal |

Tunnelar

| | | |
|-----|---------|-------------------|
| 13. | Fv. 563 | Florvågtunnelen |
| 14. | Fv. 564 | Rotentunnelen |
| 15. | Fv. 585 | Rothaugentunnelen |
| 16. | Fv. 57 | Furubergtunnelen |
| 17. | Fv. 540 | Løvstakktunnelen |
| 18. | Fv. 207 | Bjørøytunnelen |
| 19. | Fv. 57 | Lyngfjelltunnelen |
| 20. | Fv. 7 | Liarostunnelen |
| 21. | Fv. 7 | Hagaåstunnelen |
| 22. | Fv. 551 | Følgefonntunnelen |

23. Fv. 256/582/585 Belysning Bybane trase byggetrinn 1 Bergen

Vegutbetring, murar, kantar div.

| | | | |
|-----|-----------------------|--|------------|
| 24. | Div. | Rekkverk | Fleire |
| 25. | Fv. 100/48/5/51/550/4 | Diverse rekkverk Voss og Hardanger | Fleire |
| 26. | Div. | Stikkrenner, grøfter | Fleire |
| 27. | Div. | Forkjøringsrett på overordna vegnett Bergenområdet | |
| 28. | Div. | Visningskilt | Fleire |
| 29. | Fv. 48 | Løfallstrand | Kvinnherad |
| 30. | Fv. 313 | Brekkluslia+Ormaset | Voss |
| 31. | Fv. 312 | Bulken | Voss |
| 32. | Fv. 309 | Nesheimstunet | Voss |
| 33. | Fv. 131 | Fykkesund-Porsmyr | Kvam |
| 34. | Fv. 344 | Bergo og Fosse | Vaksdal |
| 35. | Div. | Forsterking av div fv | Voss |
| 36. | Fv. 314 | Hamlagrø -Dale | Vaksdal |
| 37. | Fv. 409/565 | Manger | Radøy |
| 38. | Fv. 379 | Krossleitet - Kalhovda | Masfjorden |
| 39. | Fv. 404 | Feste kai | Lindås |
| 40. | Fv. 48 | Flere strekninger Fusa/Kvam | Fusa/Kvam |
| 41. | Fv. 49 | Tørvikbygd/Eidevik | Kvam |
| 42. | Fv. 78 | Skaten | Tysnes |
| 43. | Fv. 550 | Aga - Kråkevik | Ullensvang |
| 44. | Div. | Div. vegar Osterøy, Austevoll, Os, Bergen | Fleire |
| 45. | Div. | Div. vegar Øygarden, Fjell, Sund, Askøy | Fleire |

2.6 Refusjonar - vegforskottering

Forskotteringar som skal tilbakebetalast i 2017 utgjer 90 mill. kr. Prosjekt som skal refunderast i 2017 er:


Tabell 12. Refusjonar

| Fv. nr. | Prosjekt | Forskottert av | Refusjon 2017 |
|--------------------------|----------------------|-------------------------------|---------------|
| 188 | Sædalsvegen | Bergen kommune | 12 900 |
| 122 | Fusa-Strandvik I | Fusa kommune/Fusa kraft m.fl. | 10 000 |
| 122 | Fusa-Strandsvik II | Fusa kommune/Fusa kraft m.fl. | 600 |
| 57 | Espeland-Herland | Lindås kom. og 28 verksemder | 32 000 |
| 158 | Bedehuset-Særvoldsv. | Os kommune | 4 500 |
| 158 | Bedehuset-Særvoldsv. | Os kommune | 2 000 |
| 161 | Kalvatræ | Os kommune | 500 |
| 409 | Opprusting Lundåsen | Radøy kommune | 2 500 |
| 48 | Tunnel bak Tysse | Samnanger kommune m.fl. | 25 000 |
| SUM Forskottering | | | 90 000 |

Alle til i 1000 kr.

2.7 Rebudsjettering

I budsjettet for 2017 er det ført opp 10 mill. kr på budsjettpost for rebudsjettering. Denne summen skal nyttast for å avslutta prosjekt med meirforbruk – i dei tilfelle der salderingsordninga innanfor programområda ikkje er tilstrekkeleg, og ved avslutting av prosjekt utanom programområda.



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir videregående opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

